


# Jølst

UTGJEVE AV JØLSTER MÅLLAG 2012 - ÅRGANG 29



**EF-motstandaren**



**Europameisteren**



**Kunstnaren**

**Stig Årdal:** Frå Sognhildtunet til Lake Johanna

**Olav Sægvog:** Med Skifantomet til Jølsters tak

**André Horgen:** Ferdsla på breane i Jølster

**Siv Kristin Eikås Hovland:** Kulturskulen – trivsel og kompetanse

# Innhald:

Leiar .....	Side	3
Jonas Helge Torsheim: Då Jølster velta regjeringa .....	side	4
Anders Hegrenes: Europameister frå Jølst.....	side	8
Olav Sægrov: Med Skifantomet til Jølsters tak.....	side	10
Hallstein Dvergsdal: Nytt frå Jølster Mållag .....	side	14
André Horgen: Ferdsla på breane i Jølster .....	side	15
Siv Kristin Eikås Hovland: Kulturskulen – trivsel og kompetanse .....	side	20
6. klasse, Skei skule: Dikt og teikningar .....	side	22
Stig Årdal: Frå Søgnhildtunet til Lake Johanna .....	side	25
Hallstein Dvergsdal: Kunstnar som spelar på mange strengar .....	side	33
Hallstein Dvergsdal: Skryklingen, stemnestad og drifteveg.....	side	36
Leiv H. Dvergsdal: Wildenvey på Firdastemne .....	side	39

Foto: Olav Sægrov



## Kjære lesar

Eit nytt år nærmar seg slutten. Haustmørket har for lenge sidan festa grepet og tida for lange innekvelder er definitivt på plass. Lange, mørke haust- og vinterkvelder er tida for lesing, og også i år er Jølster Mållag på plass med bladet «Jølst», eit blad med tradisjonar og som neste år kjem med årgang nummer tretti.

Det trykte ordet kjempar i dag ein hard kamp mot nettbasert informasjon, noko både aviser, tidsskrift og andre trykte publikasjonar får merke stadig meir. Det er mange år sidan underteikna skreiv at internett var og ville bli det viktigaste medium for kommunikasjon. Dette har, som dei fleste veit, slege til og avisopplaga er i fritt fall, i alle fall gjeld dette dei største avisene.

Men også vi som driv i det små merkar at det er vanskelegare enn før å selje eit blad som «Jølst». Om det er konkurransen med verdsveven som er årsaka, eller innhaldet i bladet, skal vere usagt. Men det er dessverre eit faktum at salet av «Jølst» har gått ein del ned, spesielt dei siste to åra.

Bladet har heilt sidan starten hatt ein profil der det har vore lagt vekt på lokalhistorie og lokal kultur. Jølster Mållag og redaksjonen meiner at dette er viktige emne å konsentrere stoffet om, og vi veit at spesielt dette med lokalhistorie er noko som svært mange har interesse av å lese om. Såleis har det gjennom åra vore mange lokalhistoriske artiklar på trykk i bladet som har hatt relativt høg, fagleg standard. Lokalhistoria er viktig å ha med seg, og sidan Jølster manglar ei skikkeleg bygdebok, så har vi den trua at «Jølst» kan vere ei aldri så lita erstatning for ei god bygdebok. Vi veit også at mange samlar på bladet og brukar det som oppslagsverk når det gjeld lokalhistorie.

Bladet «Jølst» skal også vere eit språkpolitisk organ, og eit talerøyr for Jølster Mållag og målrørsla. Vi ser at nynorsk skriftmål er under konstant press, og vi ser at nynorsken har sterke krefter mot seg i det politiske systemet



*Direktør i språkrådet, Arnfinn Muruvik Vonen fotografert i lag med Linda Øvrebø etter ein konsert i Borgja tidleg i haust.*

og ikkje minst frå enkelte mediehus. Det er også skremmande å sjå kva som finst av språkbruk når det gjeld annonsering og annan marknadsføring frå enkelte deler av næringslivet i nynorskfylket Sogn og Fjordane. Det var såleis gledeleg for Jølster Mållag å kunne gje Målrosprisen for 2011 til Skei Hotel. For ei verksemd i ein internasjonal marknad, er marknadsføring viktig, og det er gledeleg å sjå at hotellet konsekvent brukar nynorsk i den norske marknadsføringa.

Språk, som alt anna, krev fornying for å overleve og utvikle seg. Vi fekk i år ei ny nynorsk rettskrivingsnorm, noko som mange har venta på. Bokmål har for lengst fått si nye norm, der det vart rydda opp og stramma inn på kva som skal vere lov og ikkje, å skrive. Men å lage ei ny rettskriving for nynorsk går sjølvstakt ikkje forbi utan strid og bråk. Dei to siste landsmøta i

Noregs Mållag har begge vore arena for bitter strid mellom den konservative delen av mållaget med Voss Mållag i front, og resten av målrørsla som har omfamna den nye rettskrivingsnorma.

Styreleiar i Språkrådet, Ottar Grepstad, rosa arbeidet til rettskrivingsnemnda då han hadde ordet på mållaget sitt landsmøte i 2011. Han gjekk sterkt i rette med dei som ville prøve å få underkjent arbeidet til nemnda, og gjekk langt i å seie at Språkrådet ville godkjenne den nye norma, noko som også skjedde.

For dei aller fleste vil det meste bli som før, ifølgje den nye direktøren i Norsk Språkråd, Arnfinn Muruvik Vonen. – Når det gjeld klammeformene, så vil nokre bli fjerna frå språket og nokre vil bli tekne inn som likestilte former, sa Muruvik Vonen då vi snakka med han for nokre veker sidan. Det blir nok med dette som med det meste anna; det vil gå seg til, og nynorsken har fått ei enklare rettskriving til glede for dei som brukar denne målforma.

H.D.

#### REDAKSJONEN I JØLST:

STIG ÅRDAL  
STIG.AARDAL@ENIVEST.NET  
HALLSTEIN DVERGSDAL  
HALLDVE@FRISURF.NO  
SVEIN-OLAV SANDNES  
SVEIN.OLAV.SANDNES@GMAIL.COM

#### STYRET I JØLSTER MÅLLAG:

HILDE YNDESTAD HALLAND, LEIAR  
HALLSTEIN DVERGSDAL, NESTLEIAR  
EINAR GAUTEFALL, KASSERAR  
CONNIE HAMRE, SKRIVAR  
SILJA JUKLESTAD, STYREMEDLEM

#### ADRESSA TIL MÅLLAGET:

JØLSTER MÅLLAG  
V/EINAR GAUTEFALL  
6843 SKEI I JØLSTER

# Då Jølster velta regjeringa

Av Jonas Helge Torsheim

Ja, vi var i alle fall med då vi 25. september 1972 stemde nei til medlemskap i EF (no EU). Nei-fleirtalet i Jølster var det største i landet sør for polarsirkelen, berre fem fiskerikommunar i Nord-Norge hadde litt høgare nei-prosent. Bratteli hadde stilt kabinettsspørsmål til det norske folk i august, og sa klart frå at han ikkje ville regjere dersom regjeringa fekk nei til å melde oss inn i EF. 53,5 % av det norske folket sa nei, og regjeringa gjekk av.

Første del av 1970-åra var ei drivande livleg tid politisk, då vi i lokalsamfunna hadde ei berusande kjensle av at vi verkeleg hadde innverknad på den nasjonale styringa, ja, jamvel utanrikspolitikken. Arven frå 1968 var høgst levande. Det året hadde studentane sett Paris på ende med mektige opptog og harde krav om meir demokrati. I USA opplevde ein politiske mord på toppleiarar, raseopprør og massive demonstrasjonar mot Vietnamkrigen. Over heile den vestlege verda opplevde ein at folk begynte å misse trua på den politiske eliten, dei ville ha meir sjølvråderett også lokalt. I tillegg fekk vi ei grøn bølge der mange såg at verdiane i livet på landsbygda heldt på å tape mot byane og storindustrien som ikkje var så nøye med skadane på natur og miljø.

## Nedlegging av grendeskular

I den fredelige landbruksbygda Jølster gav Årdalgrenda det statlege styringsverket eit spark på leggen i 70-åra. Jølster hadde hatt 13 skulekrinsar, men skulepolitikken nasjonalt gjekk inn for større einingar, og kommunane fekk statstilskot for å legge ned småskular og bygge større. I Jølster var planen to skular: ein i kvar ende av vatnet. Grendene godtok dette, men årdølingane søkte om å få behalde sin skule trass i det kommunale vedtaket. Kampen vart kvass, ein komité skipa til eit folkemøte i Helgatun som nær sprengde lokalet. Ein ung men vel førebudd Edvin Helgheim hadde studert skuleopprøret i Vats, og den røynde pedagogen Kristian Årdal hadde teke vegen attende frå Volda for å greie ut om verdiane i grendaskulen, denne dagen i heimegrenda. Møtet sette for alvor fart i debatten ute blant folk i tida etter.

Meininga blant folk var delte. Sjølv hadde eg kome til Skei som lærar i 1970, og vi var fleire unge lærarar som tykte det ville vere fint at skulen i Årdalen fekk halde fram, Skei skule ville ikkje ta skade av det. Men ute i krinsane der folk hadde gått med på å legge ned skulane sine, var det mange som murra: Kvifor skulle årdølingane få sær-

ordningar? Den endelege avgjerda fall i eit skulestyremøte der Sverre P. Befring var formann og Bård Hamar var skulesjef. Skuledirektør Åm hadde kome den lange vegen frå Leikanger for å tale grendaskulen si sak. Lidvald Klakegg snekra på eit kompromissforslag, og stemninga tykte eg gjekk i retning av kompromiss om å late Årdalen iallfall få behalde småskulen. Men ingen føreslo pause til gruppedrøftingar og vedtaket vart nedlegging.

Kommunestyrevedtaket i etterkant vart berre ein formalitet, men frontane var så harde at ordførar Slåtten ville nekte Ola Dagfinn Årdal å gjere opptak på lydband frå møtet. Men Ola Dagfinn hadde konferert med fylkesmannen på førehand, og fekk møtet på tape.

Personleg hugsar eg ein replikk frå debatten på bygda, den replikken ergra meg. Elevane frå storskulen i Årdalen hadde to skuledagar for veka på Skei alt i 70 og 71, og eg hadde møtt mange trivlege unge årdølingar der. Likevel kunne eg lese i Firda at ein ordsterk kar som budde ganske nær skulehuset i Årdalen uttalte: «Eg har aldri snakka med

ein elev frå Årdalen som har hatt ein glad dag på Skei skule.» Eg syntest han gjorde både Skei skule og elevane urett.

Soga om Årdal skule burde vore skriven av andre som har nærare kjennskap og arkivmateriale. Eg sender utfordringa til Edvin Helgheim, Erna og Knut Osvoll som var vaksne og aktørar i 70-åra, og til Stig Årdal som opplevde tida som elev. Kort fortalt så vart Årdal skule nedlagt i 1972, men vart starta opp att som privatskule same året. Ein del av foreldra i krinsen sende likevel barna sine til barneskulen på Skei. Årdal skule kom likevel inn att på statlege og kommunale budsjett eit par år seinare då skulen fekk eit prosjekt frå Forsøksrådet til å kombinere skule og barnehage med fem- og seksåringar inn i skulen. Vi hadde hatt skifte av regjering, og både den og byråkratane i departementet hadde lært ei lekse om lokaldemokrati. Skulen vart driven til 1987. Då tykte foreldra at det vart for få elevar på nokre årssteg og såleis for tunt sosialt og pedagogisk tilbod. Men denne gongen var det foreldra som styrte avgjerda, ikkje eit kommunalt eller statleg påbod.



hadde 130 000 personleg innmelde medlemmer i 1972, fleire enn nokon av dei politiske partia. I Jølster las vi om at organisasjonen vaks fram i Oslo og Bergen, og i 1971 kom det annonse i Firda at i Dale i Sunnfjord skulle det vere skipingsmøte med tale av Arthur Berg. Han var redaktør i den kristne avisa Dagen, dessutan ein framstående nynorskmann og talsmann for enkle livsverdiar. Rektor på Skei skule, Jarl Yndestad, baud meg plass i Folkevognbobla si, og vi fekk høyre ein opplagd Arthur Berg halde eit flammande innlegg om forsvar for norsk demokrati og den norske leveforma med by og land, hand i hand. Etter møtet fekk vi ein kaffikopp i lag med Berg og møteleiarane, og eg vart imponert då Edvin Helgheim (då lærar i Dale) kom inn med langt maskinskrive referat før det var gått 40 min. På heimturen i haustmørket lovde Jarl Yndestad og eg kvarandre at vi ville setje kreftene våre inn for å få til eit lokallag av Folkebevegelsen i Jølster – slik Berg hadde oppmoda oss om.

Og Berg kom, og vi møttest i stova til eldsjela Andreas K. Huus. Berg bad oss berre starte opp enkelt med ein komité av oss tre «jølstringane». Han meinte vi seinare burde få oss eit lokallagsstyre, breitt samansett politisk, og han spurde oss om våre sympatiar. A. K. Huus var Senterpartimann, Jarl Yndestad var ikkje politisk organisert (men truleg AP-sympatisør), sjølv melde eg at eg sympatiserte med Sosialistisk Folkeparti. «Då bør du bli formann,» sa Berg, «for det har vi lært i Bergen, at SF-folka, dei folka jobbar.» Og slik vart det. Styret blei oss tre, og blei utvida med arbeidsjarna og humørspreiarane Harald Hjellbrekke og Audhild Viken.

### Folkemøte på Skei og Vassenden

Og arbeid blei det rikeleg av, vi arrangerte store folkemøte som og blei godt besøkte frå grannekommunane. Det eg hugsar best frå eit møte i gymsalen på Skei skule, var kulturinnslaget. Nokon hadde anbefalt Sigmund Eikås trio, og dei stilte med fele, trekkspel og gitar og spelte «En aften på Ålhus» av Adolf Paulen. Både trioen og melodien var nye for meg, og eg vart berre ståande og gape: Her var det lokale utøvarar med ein lokal komposisjon, og det samla musikkuttrykket var fullt på høgde med det som strenge NRK slepte til av musikk. NRK sin populærmusikk på den tida var totalt dominert av vokalisten Jens Book-Jensen, trekkspelaren Arnstein Johansen og nokre få andre. I gymsalen på Skei skule kunne vi høyre at Bygde-Norge (A. K. Huus sitt yndlingsord) hadde ein kultur å vere stolt av.

A. K. Huus kom òg til å servere ein replikk på neste folkemøte, ein replikk som går på folkemunne enno i mi aldersgruppe. Møtet var på Samfunnshuset og Arthur Berg hylla og forsvarte nasjonal statsstyring og kultur i fargerike ord. I debatten etterpå greip ein AP-medlem ordet og minte om at EEC var ein organisasjon å sjå opp til, og som vi burde støtte varmt. Organisasjonen hadde samla gamle fiendeland i Europa til fred og samarbeid, land som for mindre enn 30 år tilbake kriga og drap. AP-karen hadde tydeleg kjempa Martin Tranmæl som førebilete, for karen heva armen og snakka med veldig høg røyst. Då gjekk A. K. på talarstolen: «Ja,» sa han turt, «det var ein annan òg som snakka om å samle Europa, og han skreik høgt han òg.»

Eit folkemøte på Vassenden vekte stor oppsikt sidan vi hadde fått stortingsmennene Oddleif Fagerheim (AP) og Paul Svarstad (H) til å orientere og innleie til diskusjon. Folk i Jølster hadde følgd diskusjonen i avisene om Romatraktaten, landbrukspolitikken og distriktspolitikk i EEC o.a. nøye, og vi i Folkebevegelsen hadde delt ut både grunddokument og flygeblad i rikt monn. Derfor var eg personleg litt skuffa over talarane. Oddleif Fagerheim var medrivande i sin lett nasjonalromantiske tale om nasjonalstaten. Paul Svarstad refererte til lysverks- og meierisamanslåing i indre Nordfjord, samanslåingar som hadde vekt mykje baluba, men der alt hadde alt ordna seg til det beste. Derfor meinte han at Norge inn i EEC berre ville bli harmoni og velstand. Debatten etterpå viste at mange av tilhøyrarane var kunnskapsrike om emnet og slo tilbake påstandane om at vanlege folk visste for lite til å kunne sei ja eller nei til EEC.

Men ein ting imponerte Paul Svarstad meg med. Trass all den verbale julinga han hadde fått i debatten, sette han seg ned med oss arrangørane etter møtet og prata fornøyeleg om laust og fast. Han var ein kar ein fekk godhug for sjølv om vi var politisk usamde. Men godhugen var ikkje stor nok etter folkerøystinga, Svarstad og H miste stortingsplassen i 1973.

### Menn og kvinner

Resultatet av folkerøystinga i Jølster er det ei gruppe personar som skal ha æra for framfor nokon andre, den gruppa var grendemannsapparatet til Senterpartiet. Partiet stilte dette apparatet fullt ut til disposisjon for oss i Folkebevegelsen. SP hadde ein grendemann i kvar av dei 13 gamle skulekrinsane frå Eikås til inst i Stardalen, og i grendene på begge sider av vatnet. Dette var folk med tiltru i bygda, og når dei banka på døra med opplysningsmaterieil, så vart dei møtte med ei heilt anna innstilling enn ein tilfeldig støvsugaragent. Grendemennene verva medlemmer, delte ut materieil gong etter gong, fekk inn kontingent og gåver, heldt folk varme i trua og samla inn underskrifter til ei heilsides opprop i Firda med underskrifter mot EEC. Denne sida kom på trykk straks føre folkerøystinga då regjeringa òg køyrde ut sitt hardaste skyts i striden om stemmene. Ein skulemann i Fjaler hadde merka seg at det var svært mange kvinner som hadde skrive under, og han kommenterte slik: «Ja, no spørst det kven vi skal høyre på, regjeringa eller kjerringane i Jølster!» Fasiten fekk vi 25.9.72.

Ja, sjølv om grendemennene til SP i Jølster alle var menn, så var kvinnene svært bevisste. Det hende at husbonden vegra seg for å skrive under fordi det ville vere upopulært hos arbeidsgjevar eller partifeller. Då fekk vi gjerne kona si underskrift. (Seinare fann kvinnene i Jølster sin plass – ikkje ved kjøkkendisken – men i kommuniststyresalen. 2003–2007 var Jølster ein av berre åtte kommunar i landet med kvinnefleirtal, med ordføraren Gerd Dvergsdal frå SP).

### Hovudargumenta

Kva var så hovudargumenta på ja- og nei-sida? Ja-sida peika på samarbeid og trygging av fred mellom gamle

fiendar i Europa, dessutan at Fellesmarknaden ville gje utvikling og vekst i arbeidsplassar. Utanfor EEC kunne Norge få vanskar med å få eksportert industrivarer og fiskeriprodukt blei det og hevda. Nei-sida ville forsvare norsk sjølvrådetrett, nekte overnasjonale organ å overstyre norsk landbruk og fiskeri, vi ville heller ikkje at EEC skulle rå over oljen i Nordsjøen som vi så vidt hadde begynt å tappe av. Karstein Klakegg, som det går mange historier etter, var også skeptisk til fri flyt av arbeidskraft over landegrensene. I ein passiar mellom naboane ytra han seg slik: «Eg skal seie doke da, kara, at kjeme vi inn i EEC, so e' da'kje nok med Helgheimskirkja, då blir da ei synagoge her og ei katakombe der.»

### Dugnad

Og vi i Folkebevegelsen argumenterte til siste nikk (men utan å dra inn religion). Vi skreiv fleirsides brev til alle veljarane i Jølster, stensilerte dei opp, la i konvolutt og delte ut på døra til kvar ein heim i Jølster. Prosessen med klargjering av breva føregjekk på Skei skule. Nesten alle lærarane var med på dugnaden – med liv og lyst. For å få det skrivne over på brevarka, brukte vi spritduplikator, og aldri har det lukta så mykje sprit på Skei skule. «No skulle Bjartmar Gjerde ha sett oss,» sa Dagfrid Grepstad. (Sunnmøringen Bjartman Gjerde med piggsveisen var Undervisningsminister og ivrig Ja-mann).

På skulen var vi likevel svært nøye med å gjere rett og skil for oss. Alt materiell til skriftleg produksjon blei kjøpt inn for seg, all post blei betalt frå Folkebevegelsen si kasse, kvar ei telefonsamtale blei notert og betalt (sjølv hadde eg ikkje heimetelefon). Både skuleleiar og lærarar var klar over at elevane og heimane hadde krav på at skuletida skulle vere fri for propaganda. Vi fekk ei klage på at ein lærar hadde delt ut propagandaaviser for NEI TIL EEC, men det viste seg at det var gamle flygeblad som blei lagt ut over for å beskytte pultane i ein formingstime det blei brukt linoleumstrykk og rikeleg sverte. Heimen som klaga tok mot oppklaringa vår med godt humør.

For meg personleg var dette den mest intense arbeidsperioden eg nokon gong har hatt. Nesten all tid mellom arbeid og sengetid gjekk med til Folkebevegelsen. Etter å ha slukt middagen etter skuletid, var det å hive seg på sykkel inn til skulen for å ringe styremedlemmer, grendemenn eller Folkebevegelsen sentralt. Eg, saman med andre, skreiv avisinnlegg og svarte på angrep. Eg førte medlemskartotek, førte rekneskap og betale rekningar. Styret ordna lokale og transport til folkemøte, fordelte løpesettlar og anna infomateriell. I tillegg var hausten 72

den hausten vi innreidde og tok i bruk ungdomsskulebygget på Skei, så rektor Yndestad og eg som inspektør hadde også lange og krevjande betalte arbeidsdagar. Jau, eg hugsar likevel ein ettermiddag eg tok heilt fri. Eg reiste bort i Våtedalen og gjekk like til kvelds og vifta med ei flugestang utan å få ein einaste matfisk. Likevel gjorde freden og friheita ved elva dette til den finaste fisketuren eg har hatt.

### Medgangsbølgje

Men vi arbeidde lett og vi flaut på ei medgangsbølgje. Heime fekk eg full støtte frå Oddhild, kona mi. Ho var frå ei solid Arbeidarpartifamilie i Høyanger kommune, men ho såg minst like klårt som eg verdiane i det bygdesamfunnet vi hadde flytta til, og vi snakka mykje om at vi måtte vinne folkerøystinga. I august 72 var minsteguten vår 1 år og 10 månadar. Ein dag kraup han rundt på kjøkgolv og leikte med ein liten traktor medan han gjentok: «Temme nei, temme nei, pappa.» Då såg kona og eg på kvarandre og kviskra at no skulle det bli godt å få gjort unna folkerøystinga i september. Ungane burde få høyre foreldra samtale om anna enn politikk, og dei burde få sjå meir til far sin utanom nødvendige måltid. (PS: Sjølv i AP-bastionen Høyanger kommune, blei det nei-fleirtal).

Siste halvåret av kampen blei sterkt prega av symbolbruk. Folkebevegelsen delte ut jakkemerke og limlappar med nasjonalfargane og STEM NEI, desse lappane var å sjå i bakruta til bilar lenge etter folkerøystinga. Ja til EF (organisasjonen var nøye med å kvitte seg med EEC-nemninga) fekk laga ein logo med ei høgrehand som gjer suksessteiknet. Vi i Folkebevegelsen bad folk legge merke til at handa mangla veslefingern og at rykta tilsa at den hadde Fanden teke. Då veit jo alle korleis det går med resten av handa ...

Ja til EF fekk og ein formann som provoserte bygde- og utkant-Norge. AP-legenda Einar Gerhardsen sa nei til å leie organisasjonen, han var redd kampen ville kløyve partiet, og fekk langt på veg rett. Den som tok på seg oppdraget var sjefen for Distriktenes Utbyggingsfond, nordlendingen Reidar Carlsen. Dette fekk fiskarar, bønder og næringsfolk utanfor byane til å tenne: Her skulle han som hadde betaling for å arbeide for utkantane, gå i spissen for å føre oss inn i EEC, ein organisasjon som vi i periferien såg på som organisasjonen for multinasjonal kapital og gigantindustri. Mi tru er at Ja til EF bomma stygt med det leiarvalet. Og eg skal aldri gløyme ansiktet til Reidar Carlsen ettersom valresultata kom inn kvelden og natta etter folkerøystinga. Først kom resultatet frå dei største byane,





Det var her stemning mellom dei 120 frammatte. Me vilhalde på skulen vår, same kva kommunepolitikarane er-lar.

## „Departementet skjønner at noko er dautt, men ikkje at det har vore med og drepe“

Årdøllingane mann av huse for å drøfta skulesak i helga

— Ser styresmakterne følgene gruppe i Studentmålset i Oslo ord i norsk skulepolitikk. DET HAR S GLY VORE MED OG DREPE  
 on skuleentruksrings, eller og ei lokal nemnd. Og sjølv om Landsungane skulle få same ut- daning som ungar frå byar og Medan politikkane heldt fine

Kampen mot skulenedlegging i Årdalen fekk stor merksemd i media. Faksimile frå Gula Tidend, 25.4.1972

og Reidar Carlsen lo støyande og gliste så breitt at munnvikar og øyre gjekk i eitt. Men då klokka passerte 24 og resultatet også frå distrikts-Norge strøymde inn, då seig munnvikane syrgjeleg både på Reidar Carlsen og programleiar Lars Jacob Krogh (H).

### Folkemøte i Førde

Sterkast i minnet frå innspurten i valkampen, står det mektige folkemøtet i Førde søndag 3. september. Folkebevegelsen i fylket hadde storaksjon, og bussar frå heile Sunnfjord og ytre Sogn strøymde til. I strålende haustsol og med hornmusikk og vaiande flagg møttest vi over 3000 personar. Frå Jølster mønstra vi fire busslastar med folk. (I farten spurde eg uvitande ein AP-mann om å køyre ein av bussane til møtet, men han svarte leande at eg fekk høyre med ein annan). Hovudtalar var parlamentarisk leiar for V, Gunnar Garbo. Våre eigne stortingsmenn, Austrheim (SP), Fagerheim (AP) og Myrstad (KrF), heldt appellar. Eg minnest ei utruleg munter stemning, Myrstad forsnakka seg så det var ei lyst, men budskapet kom tydeleg fram: Viss alle ville stå på og få med seg alle tilhengjarar og sympatisørar av Folkebevegelsen fram til valurnene, så ville vi sigrer.

Same dag spelte Ja til EF ut fredskortet, av mange kalla krigskortet, i Telavåg. Denne bygda i Midt-Hordaland opplevde i 1942 å få alle sine hus sprengde i lufta av tyske soldatar, 72 menn frå bygda blei sende til konsentrasjonsleir og 31 såg aldri bygda si igjen. Til denne bygda kom Ja til EF med statsminister Bratteli og tidlegare forsvarsminister Jens Chr. Hauge. Budskapet var: EF er organisasjonen for fred og garanti for at slik krig ikkje skal komme på nytt. Radio, TV og dagsavisene var fulle av stoff om møtet på førehand. Bergens Tidende skreiv måndagen etter om 1000 frammøtte. Nokre dagar seinare skreiv Haldor Telle i eit lesarinnlegg i BT at berre 75 av 293 med røysterett i Telavåg hadde møtt. Haldor Telle kalla dessutan fredsmøtet for et «fantastisk skuespill satt i scene av 'Ja til EF', som kynisk utnyttelse av en tragedie.» — Nei, då hadde vi det trivelegare i Førde.

Korleis kunne eit arrangement i Førde konkurrere ut eit

stormøte med statsministeren nær Bergen, eit møte opphaussa av massemedia og med massiv annonsering? Svaret kvilte på styrken til Folkevegelsen, solid planta på grasrota. Ja til EF hadde nesten heile den politiske, byråkratiske og næringslivsstyrde eliten på side. Organisasjonen fekk solid støtte frå alle dei store dagsavisene utanom Nationen, den hadde leiinga i dei to største partia – AP og H på side, likeeins Norges Arbeidsgiverforening og Norges Industriforbund og størstedelen av leiarane i LO. NRK radio og TV skulle vere nøytrale, men vi veit korleis det er, journalistane og leiinga hadde kort veg til regjeringkvartalet der det var lett å få nyhende på maktas premiss. Og i statsapparatet var det nok mange som øygna interessante stillingar innan EEC-byråkratiet, i alle fall skjønnte ein godt at det i alle fall ikkje ville vere ein karrierefordel å flagge EEC-motstand. Mot denne sentralmakta stod kreftene på grasrota. Vi i Folkebevegelsen brukte beina, munnen og pennen. Det fanst inga Facebook – der ein kan samle tusen underskrifter på eit døgn – i 1972. Mange hadde ikkje privatbil eller telefon, langt mindre mobil. Men vi snakka og diskuterte, gjekk på dørene til folk, sette oss inn i sakene og skreiv i avisene, samlast til møte og styrkte kvarandre i trua på siger.

### Nei-siger

Og sigeren har eg ikkje greidd å la vere å nemne fleire gonger. Natta til 26. september 1972 vart lang, og det var vel til og med enkelte som feira med nokre dråpar champagne frå EEC-medlem Frankrike. Sjølv slo eg av svartkvitt-TV'en utpå natta og gjekk til sengs med ei trøytt godkjensle. Så gjekk eg på jobb neste dag og kjende meg nøgd.

Kva slag siger hadde vi vunne? Forsvar av landbruket var ei hovudsak, men talet nedlagde gardsbruk har helde seg nokså konstant heile tida sidan 1970, ca. 10 til 12 pr. dag. Trøysta er at like mykje areal som før blir dyrka og drive. Folketalet i Jølster er litt høgre enn i 1970, men dei fleste bondedøtrene og -sønene frå den tida har måtta finne anna sysselsetting enn gardsarbeid, for det meste jobbar i nabokommunane. Ute ved kysten slost folk mot EEC sin mislukka fiskeripolitikk som tømde fiskebankar og sende fiskarar ut i arbeidsløyse. Herredømmet over egne fiskeressursar har gjort norsk forvaltning av fiskeressursane til ein suksess, men inntektene har mest gått til storreiarane og ikkje til kystfiskarane. Og sjølvrådet? Mange lurer når EØS-direktiva ramlar ned over oss titt og trutt. Men eitt grep skal den utskjelte AP-regjeringa frå 1972 ha takk og ros for. Den stabla på beina Statoil og sette norske styresmakter i førarsetet for oljeutvinninga, og norske styresmakter har òg sidan kunne trygge pensjon både til oss og ein generasjon til med pensjonistar.

Tilbake til overskrifta: Vil dagens jølstringar velte regjeringa? Tja, det var nok ein del som hadde lyst til det etter jordbruksoppgjeret våren 2012. Men no er SP fast forankra i den raudgrøne regjeringa, og der sit også SV og fører utanrikspolitikk saman med AP; utanrikspolitikk som var hovudgrunnen til at SF (seinare SV) braut ut frå AP i 1961. Ja, tidene og politiske band og brot skifter, men om det blir regjeringsskifte får vi sjå i 2013.

# Europameister frå Jølst!

## Samtale med Kjell Steinset på Bolset

Av Anders Hegrenes

*Kjell vart fødd nyttårsafta 1936 og vaks opp på Kinnanaset, som høyrde til Kinna. Garden ligg på sørsida av Movatnet. På den tida var der ikkje veg, og heller ikkje bru over til Moøyra. Dei var avhengige av båt i alle ærend ut av garden. Kjell gjekk på Åsane skule (Ytre Åsane).*


Han fortel at læraren budde på andre sida av vatnet, og hadde skuleelvane som sokna til Åsane skule med seg i båt. Det var ein styggbratt skuleveg Kjell hadde frå garden og opp til skulehuset. Rutinen var å vente til han såg læraren var kommen på vegen opp til skulehuset, då var det tid for Kjell å starte. Han kom ofte først opp. Kanskje blei grunnlaget for seinare idrettsbragder lagt her?

Skulevegen var bratt og låg der terrenget stupte ned mot elvagjelet. Om vinteren kunne det vere med livet som innsats å komme seg fram på hålska. Men sjølv om det

bane på 400 og 1500 meter. Og, jau; han blei leirmeister på begge distansane. Treninga hadde sin effekt!

Han deltok òg i militært meisterskap i Lyngdal på dei same to distansane. Deltakarane hadde konkurranse laurdag og søndag, og overnatta i telt, må vite. Kjell hugsar ikkje resultatane, men «eg hamna langt ut i lekse». Om våren var han med på «Mosevannsløpet», eit løp i Stavanger med deltaking av både sivile og militære. Han var den siste i militærklassen som fekk premie – ein 8. plass, noko som «tende han litt».

Våren han var ferdig i militæret var ikkje den lettaste tida å få arbeid. Han hadde slektingar som var tilsette på bilruta Fana–Bergen. Røynsla frå sjåførjobben i militæret kom vel med, og han fekk etterkvart sommarjobb på det som då heitte L/L Bilruta Fana–Bergen. Der blei han verande i ti år. Sidan starta han i Hansa og køyrde der trailer eitt år, og blei seinare salssjåfør. Han var tilsett fire år hos Hansa.



kunne vere på nippet, hende det ikkje alvorlege ulukker, så vidt han hugsar. Skulevegen vart etter kvart sikra med pålar og to parallelle strengar på verste staden. Kjell var ein gong augnevitne til at ein gut miste fotfestet, men berga livet, takka vere denne sikringa. (Det skulle vore i dag ...)

Etter folkeskulen budde han heime eit år før vidare skulegang på Solvang. Deretter var han i to år fjørsrøktar på jordbrukskulen på Mo, dette var i 1955–56, før han reiste i militæret i januar 1957. Han tenestegjorde på Soma i luftvernartilleriet, der han blei sjåfør, fekk lærekyre med militære køyrety, og fekk etter kvart køyre desse i teneste. Militærtenesta var 16 månader for artilleristane, og varde til mai 1958. Han oppdaga i denne tida at løp var både utfordrande og motiverande, og starta så smått med litt trening.

Første løpet han var med på var eit terrengløp vinteren 1957. Av 212 artilleristar var det berre ein føre i mål! Same sommaren var han med på leirmeisterskap på grus-

*Medaljane i år: Til høgre: ein bronse og to gull i EM for veteranar.*

Frå 1960 og utover, i tida han var sjåfør i L/L Bilruta Fana–Bergen, blei treninga meir systematisk. Han var aktivt med i idrett, og han prøvde seg på fleire baneløp. Første skikkelege baneløp i Bergensområdet var eit treningsstemne der han deltok på 1500 meter. Kjell var i tredje heat, og hadde lært litt løpstaktikk. Han venta med å gå i tet til utgangen av siste sving – og vann heatet suverent!

I denne tida trena han på travbana på Nesttun, og blei òg med i Fana Idrettslag. Eit kjent namn i området denne tida – og godt kjend framleis –, Arild Takvam, kom att frå militæret. Han fekk i gang ei friidrettsgruppe der også Kjell kom med. Gruppa hadde regelmessige treningar, og



kunne snart stille stafettlag. Dei blei krinsmeistrar i både 4 x 1500 meter og 4 x 400 meter. Fleire hadde lagt merke til «steget» til Kjell, og Arild Takvam gav han namnet «Gasellen».

Kjell fortel at løpstalentet tenkte han ikkje på denne tida, det var kjekt å delta. Kjekt å prøve seg mot andre. I ettertid ser han at han nok har hatt gode genar for løp. Arbeidstida gjorde at det kunne bli tid til trening midt på dagen. Det var ikkje så svært vanleg i den tida, og det er ikkje til å stikke under ein stol at det blei litt forskjellige kommentarar. «Fare å flyge etter vegen utan å ha eit ærend, berre for å springe.» Jaudå, løpsinteressa kosta på ulikt vis desse åra.

Han har halde formen ved like heilt til dags dato, og har ei lang merittliste å sjå attende på. Men først som skikkeleg vaksen veteran har han hevda seg i nasjonal, nordisk og europeisk samanheng.

Kjell fortel at han var på ein ferietur på Sørlandet i 1984. Familien var innom Arendal ei helg, og då nytta han høvet til å trene på idrettsbana der. Samtidig var det ei som var ute i same ærend, og dei trena på kvart sitt, utan å veksle ord. I det begge gjekk mot utgangen av bana spurde ho kvifor i alle dagar han ikkje var i Bergen og deltok på veteran-NM. Ho hadde tydelegvis oppdaga «Gasellen».


– Dette var nok sparket i bakenden eg trong, seier han. Og dette resulterte i at han i 1986, som femtiåring, for første gong deltok i NM i friidrett for veteranar. Det stemnet gjekk i Oslo. Det vart gullmedalje på 800 meter og bronsemedalje på 1500 meter! I alt har han vore med i NM for veteranar i tolv utandørsstemne og eitt innandørs. Til no har han sankt med seg 29 gullmedaljar på desse stemna! I nordiske stemne har han vunne fire gull.

Første året han deltok i EM for veteranar var i 1998 i Italia. Der deltok 45 i hans klasse på 800 og 1500 meter, og han kom heim med premie for to «forsmedelege» fjerdeplassar. Så kom ein periode med akillesproblem, og han fekk ikkje trena som han ville ei rekkje år. Men motivasjon for å delta internasjonalt att, var der heile tida. Han måtte til slutt «under kniven» for å få bukt med akillesplagene, og trena seg opp att smått om senn. Men skadeperioden, særleg frå 2006 til 2011, var seig!

Heile tida har han vore i aktivitet, som han måtte tilpasse etter kva føtene tolde. Han ville halde formen ved like. På vinteren gjekk han på ski. Utvikjellet har tidlege og stabile snøforhold. Der har han og ein granne søndagane tilbakelagt milevis i oppkøyrd løyper. Somrane trena han på sykkel.

Han dreg fram det positive med «Fjelltrimmen» i Jølster Idrettslag. Den har vore uvurderleg i å få allsidig grunn trening i variert terreng, og med fine naturopplevingar.

Slutteleg nemner han og «Gubbtrimmen» på Vassenden. Etter at han fekk ordna seg med fjøshjelp har det vore råd å få ein treningsdag han ikkje hadde frå før, og med sjanse til å få litt pes på intervalltreningane. (Det gledar eit gubbetrimhjarte frå «dei dar bak» å høyre!) Men den jamne og store treningsjobben har han gjort like mange dagar i veka no, som då han var lovande ungdom: fire gonger i veka, og åleine. «Eg tek gampetreninga på Skei, og spissinga på bana på Byrkjelo».



*Kjell med EM-medaljene. Nærmast Kjell: Nordiske medaljar. Stripa ytterst til høgre: Medaljar frå NM. Til venstre: fire gull i NM for veteranar.*

Han fortel at i fjor (2011) var han med på Rett Vest i Florø. Der såg han i ein statistikk at han hadde hatt beste tida på 10 km i sin klasse i landet. I år deltok han att, og sprang eitt minutt raskare, og eitt år eldre!

Kva får ein kar i sitt syttisjette år til å ofre så mykje tid og krefter på det han gjer? Året 2012 har vel gjeve det mest nærliggande og vitige svaret på det: Kjell fortel at dette året er det første han har fått gjennomført eit treningsopplegg heilt som planlagt. Målet var å delta i EM i friidrett for veteranar som vart arrangert i tre grensebyar mellom Tyskland, Tsjekkia og Polen.

– Eg får seie at eg har vore forholdsvis lovande i vel 50 år, og i år slo eg gjennom, kjem det med eit glis.

Treningsopplegget skulle prøvast ut, og det gav resultat: Han fekk ein overraskande gull på 400 meter, ein bronse på 1500 meter, og toppa så det heile med gull på spesialdistansen, 800 meter. Jølster hadde fått sin første europameister! Det er berre å bøye seg djupt for slike prestasjonar.

– Motivasjonen er å gle seg, og trene til neste konkurranse. På nasjonale stemne er det etter kvart så få i min klasse at det minner om krinsmeisterskap i min ungdom. På internasjonalt plan, derimot, er det ikkje vanskeleg verkeleg å få prøve seg.

Han avrundar med å innrømme at han har vore velsigna med ei fantastisk god helse. Kanskje levesettet er ein vesentleg faktor i den samanhengen..?

# Med Skifantomet til Jølsters tak

Av Olav Sægrov

Skifantomet starta som eit brukarnamn til ein hotmail-konto for mange år sidan, og valet av namnet var ikkje tilfeldig. Helt sidan eg var liten har eg hatt lidenskap for toppturgåing og skikøyring generelt. Lidenskapen for ski vart etter kvart dokumentert ved at eg lagde skifilmar av toppturane eg hadde ilag med familie og vener i løpet av ein skisesong. Målet med filmene er å inspirere folk til å stå på ski ved å vise skiglede, fantastisk natur og dei mogelegheitene som finst i Jølster og områda rundt. Naturen her er så unik at den fortener å komme på storskjerm, så slik kom ideen om å vise skifilmene på Skei Hotel, kombinert med fellestur på dagtid. Dette tykkjer vi har fungert så bra at det har blitt eit årleg arrangement som vi førebels ikkje har planar om å legge på is. I 2013 vil Jølster komme på storskjerm totalt tre stader i bygda: Skei Hotel, Jølstraholmen og Jølster Skisenter. Dette for å få eit fokus på skimogeleghetene i Jølster, i tillegg til å lage ein arena der dei skiinteresserte kan møtast. I Oslo har Jølster allereie vore vist på storskjerm. Skiindepp Productions ved Øyvind Kjøs hadde 6. oktober visning av skifilmen sin, «Define happiness», på ein uteplass i Oslo. Gå inn på skifantomet.com for å lese rapport frå filmframsyninga til Øyvind Kjøs.

## For lite profesjonelt?

For å marknadsføre arrangementa og skifilmene, oppretta eg nettsida skifantomet.com i 2008. Det å kalla nettsida for skifantomet.com, trudde eg i starten kunne verke for lite profesjonelt, men det har vist seg at det ikkje var så dum ide. Det er eit namn som f.eks. er veldig lett å hugse, og det skil seg ut i jungelen av nettsider. Etterkvart har eg utvikla nettsida slik at den også skal fungere som ei opplysningsside for å vise kva Jølster og området rundt har å tilby av toppturmogelegheter året rundt. Tanken er at den kan brukast som eit verkty til planlegging av toppturar og gi mest mogeleg informasjon om snøtilhøve i Jølster gjennom heile skisesongen. Mye av ideen til utforming av nettsida har eg fått etter å ha snakka med folk som tykkjer det finst for lite info om toppturgåing i Jølster.

## Måtte bruke spade og motorsag

Ideen om skihoppinga sommarstid kom ikkje så lenge etter at vi starta med filmframsyning på Skei Hotel. Eg hadde lyst til å ha eit arrangement om sommaren også, og fann ut at det er mogeleg å finne snø i nærleiken av veg i Jølster til langt ut i juli. Det var dermed mogeleg å lage skihopp ut i Jølstravatnet med snø i ovarennet. Dette er det ikkje så mange andre plasser i låglandet som kan få til! Bortsett frå første året, då vi henta snøen ifrå Lunde, har snøen blitt henta ifrå Våtedalen med bilhenger. Snøen er veldig hardpakka så seint på året, så spade og motorsag måtte til for å få den laus. Første året måtte eg bruke litt

tid på å overtale broren min til å bli med på prosjektet. Han er i dag glad for at han vart overtala, og skihoppinga er blitt ein morosam tradisjon som blir større for kvart år. I år hadde vi rekord i tal frammøtte (80–90 personer) og Stein Arne Sunde stilte opp med gravar i Våtedalen og lastebil til frakting av snø inn til Sægrov, noko som gjorde jobben mykje lettare.

## Hovudmålet

Hovudmålet med all aktiviteten og skifantomet.com, er å få marknadsført Jølster som ein skidestinasjon, med hovudfokus på toppturgåing, særleg om våren når naturen i Jølster er på sitt vakraste. Jølster har vore altfor lenge i skuggen av Sogndal og Voss, og eg meiner det ligg mange, nye arbeidsplasser i det å få Jølster meir kjent. I tillegg vil eg at fleire i området skal nytte seg av dei mogelegheitene som fins rett utanfor stovedøra, og som folk på Austlandet køyrer 6–7 timer for å oppleve i helgane.

## Turtips og magiske minne

Nedanfor ligg tips til forskjellige toppturar, frå den første snøen kjem i nov./des. til den siste snøen i mai/juni. Toppturgåing tidleg på vinteren er ei heilt anna oppleving enn i mai – dei er unike på kvar sin måte. Oversikta er laga med utgangspunkt i dei mest populære toppane og dei som eg har best kjennskap til i Jølster. Det ligg filmsnutter, bilete og meir utfyllande turskildringar til dei einsskilde turane i oversikta inne på skifantomet.com.

## Tidleg på vinteren

Tidlig på vinteren er dagane som oftast kalde og korte. Det passar derfor godt å starte med korte toppturar som stort sett er relativt lette, og berre krev at ein har litt kondisjon og skierfaring. Fjell som er populære til korte toppturar er f.eks. Tindfjellet (Svidal), Steinegga (Svidal), Støylsnova ned til Sunde eller ned til Dvergsdalsstøyle, Olahansen (Myklebust), Sanddalsfjellet (Sanddalsdalen), som også blir kalla for Nonsnipa, og Kvamsfjellet ved Jølster Skisenter. Vi starter vanlegvis topptursesongen i Jølster med tur på Olahansen eller opp til kanten av Grovabreen, som begge har startpunkt frå Dvergsdalsdalen, 500–600 m o.h. Der kjem det ofte snø veldig tidlig. Eit år tok vi skisesongens første tur på Olahansen i fin, tørr nysnø allereie i oktober. I fjor hadde vi årets første turar opp til kanten av Grovabreen i midten av oktober.

## Solnedgangar

Toppturar tidleg på vinteren kan by på mange dagar med pudder og fine solnedgangar når fargen på gradestokken er blå. Det er like magisk kvart år å stå på toppen av eit fjell i romjula/på nyåret, f.eks. Olahansen, og sjå på alle dei



fine fargene som kjem på himmelen når sola er på veg ned medan du kosar deg med varm solbærtoddy eller kaffi. I tillegg til varm drikke er det godt å ha med dunjakka for å halde på varmen. Ei romjul vart vi tilfeldigvis ståande over ein time og såg solnedgangen frå Tortnegrøegga med over 20 minusgrader i lufta. Etter den gongen er dunjakka alltid med i sekken. Etter å sett på den magiske solnedgangen vart det veldig fort mørkt, og vi hadde ikkje hovudlykt, noko som resulterte i at vi brukte lang tid på nedkøyringa. Denne ikkje planlagde solnedgangen skulle vise seg å bli ei av dei finaste scenene i filmen «One Life – Live it!» som eg viste på Skei Hotel palmehelga 2011.

### Offpistløypene – eit unikt tilbod

Dagar med dårlig vêr og sikt er ikkje uvanleg på Vestlandet. På slike dagar er offpistløypene i Jølster eit veldig godt alternativ. I offpistløypene er det alltid god sikt, ingen snøskredfare og ofte veldig fine snøtilhøve, der snøen er lite påverka av vind. Det er mange gonger at vi nesten har blitt blåst vekk på toppen av Olahansen og Støylsnova. Så fort vi kjem oss litt ned, møter vi ofte lite vindpåverka snø – det resulterer i mange, herlege svingar.

Førebels finst offpistløypene på Olahansen, frå Støylsnova ned til Dvergsdalsstøylen og frå Støylsnova ned til Sunde/Sægrov. Offpistløypene er eit resultat av mange års rydding av skog. Det heile starta med at faren vår, Inge Sægrov, ville legge til rette for offpistkøyring i Dvergsdalsdalen ved å rydde skog ovanfor Dvergsdalsstøylen. Etter han døydde brått i 2004, vart det naturleg for oss å halde fram arbeidet hans. Dei siste åra har André Sægrov stått for ryddinga av offpistløypene. Nytt i år er at offpistløypa på Sunde/Sægrov har blitt forlenga og det har komme nye offpistløyper på Olahansen. Den totale høgdeskilnaden frå Støylsnova og ned til der offpistløypa på Sunde/Sægrov sluttar, er no på heile 780 høgdemeter. Arbeid med å betre og lage nye offpistløyper vil halde fram i åra som kjem.

*Biletet er tatt på toppen av Godtdalsnipa, og viser utsikta og første delen av nedkøyringa frå fjellet.*

### Ufrivillig møte med ein stein

Når vi kjem ut i januar/februar er Godtdalsnipa på Ålhus eit fint fjell å besøke, der ein kan velje mellom to oppstigningar. Men tidlig på vinteren er det tryggast å gå via Fjellstøylen og slik halde seg mest mogeleg på fjellryggar.

Etter mi meining er Godtdalsnipa eit av dei fjella i Jølster som har den finaste og lengste nedkøyringa. Bortsett frå ein tur der skia mine fekk eit ufrivillig møte med ein stein, har eg berre hatt puddeeropplevingar der. Sist gong var på fellesturen i palmehelga 2012. Det var berre fantastisk bra, og alle var i lukkerus når vi var ferdige med turen. Palmehelga og resten av påska 2012 vil gå inn i historieøkene som den store puddefesten.

På oppstigninga til Godtdalsnipa får du ei fantastisk fin utsikt til mektige Syskarnipa, som ligg i same dal. Syskarnipa er ein lang toptur som passer å ta ifrå mars/april. Oppstigninga byr på svært fin utsikt og vill natur, men ein må vere merksam på den store skredfaren på vegen ut Ålhusdalen, sidan det kjem mange, store snøskred ned fjellsidene i denne dalen heile vinteren.

### Teaterstykke som må opplevast

Det er ikkje berre himmelen som får fine farger når sola er på veg ned. Det fekk vi oppleve på Steinegga ved Svidal ein fin vinterdag i januar 2011. Vi starta på nedkøyringa samtidig som sola gjekk ned. Himmelen og snøen som vi svinga oss i nedover fjellsida, hadde ein fin raud farge. Etter å ha gjort unna første delen av turen ned, stoppa vi opp for sjå på utsikta til Jølster Skisenter og Vassenden. Då hadde sola nettopp forsvunne bak fjella og himmelen hadde ein intens

Solnedgang ein kald, fin vinterdag på Tortnegrøegga. →

Vi er på veg opp til Skafonnfjellet i mai 2012. ↘

Ein vårskitur på Grovabreen i starten av mai 2011, der vi gjekk ruta via Nyken. Her har vi komme opp til kanten av Grovabreen og skal begynne å gå inn over breen. ↘

raud og blåaktig farge. Det å vere oppe i fjella tidleg på vinteren, når fargane kjem fram rett før og etter solnedgang, er eit fantastisk fint teaterstykke som bør opplevast.


### Midtvinters

I april/mars tek dagane til å bli lengre, sola står høgare på himmelen og varmen kjem så smått tilbake. No passer det å starte med nokre av dei lengre toppturane som krev bra vêr og lange, lyse dagar. Det er ein fordel at ein har gått nokre turar tidlegere på vinteren, slik at ein har opparbeida litt kondis og skiteknikk. Grovabreen og Jostedalsbreen ligg høgt over havet og byr på lange toppturar som er fine å gå på frå mars/april og ut over våren. Grovabreen og Jostedalsbreen byr på mange utfordringar og fine naturopplevingar som skil seg ut frå andre toppturar. Dei kvite slettene på breane ser ut som ørken, der sanden er bytta ut med snø.

### Omgitt av tåke

Den mest vanlege oppstigninga og nedkøyringa frå Grovabreen er via Dvergsdalsdalen. Frå den høgaste toppen på Grovabreen, 1633 m o.h., er det råd å stå på ski ned til Sygnesandsdalen og vidare ned til Sygnesand. Nedkøyringa er minst like bra som den tradisjonelle ruta ned til Dvergsdalsdalen.

Ein fin dag i mai var vi ein liten gjeng på høgaste toppen av Grovabreen, omgitt av tåke. Då vi var ferdige med å ete matpakka vår, letta tåka, og plutseleg hadde vi blå himmel kombinert med nysnø på nedfarten til Sygnesandsdalen. Då vi kom ned, var det berre å stu-



Vårskituren 20. mai 2012: Vi sit på toppen av Skafonnfjellet, med panoramautsikt utover Jølstravatnet og Årdalen.

dere signaturen vi hadde laga i nysnøen som bada i sol. Vi er alltid merksame på skredfaren i dalen mellom Sygnesandsnipa og Grovabreen/Nonsnipa. Det kjem mange skred frå dei bratte fjellsidene på begge sider av dalen.

### Folksam

Frå påska og utover våren startar vi med å ta dei lange, populære topp-turane på Snønipa, Hanekammen og Bjørga i Stardalen. Alle tre fjelltoppane er nærliggande fjell til Jostedalsbreen og byr på panoramautsikt ut over Jostedalsbreen. Hanekammen og Tortnegrøegga, som er ein kortare tur, byr på svært bra nedkøyring, og er ein favoritt i Stardalen når vegen opp til Havgastøylen og Befringsdalen er fri for snø. Fellesturen i 2010 var på Tortnegrøegga via Fossheimsdalen, og ca. 20 glade personer møtte endå ei gruppe med skigåarar som hadde gått på Tortnegrøegga via Befringsdalen. Det vart ein veldig folksam dag på Tortnegrøegga.

### Som å stå på toppen av Mount Everest

Når vegen opp til Fossheimsdalen er fri for snø, er det kort veg opp til Skafonnfjellet og Bolsetsnipa. Skafonnfjellet byr på mange fine kvalitetar. Det er f.eks. mogeleg å gå vidare frå Skafonnfjellet inn til Høgenipa, som byr på mektig utsikt over Kjøsnesfjorden, Jostedalsbreen og Grovabreen. Ein får ei kjensle av å stå på Mount Everest omgitt av stup på alle kantar. Skafonnfjellet byr også på fin nedkøyring til Ytre Fossheimsstøylen i Fossheimsdalen.

### Våren – Vestlandets finaste eventyr

Våren, med lange lyse dagar, er høgtid for både lange og korte toppturar. Dei fleste stølsvegane er då fri for snø, og det gjer at ein sparar tid og krefter, og fjella blir meir tilgjengelege. Turane startar med blomstring i låglandet og går gradvis over til full vinter på toppen av fjella/breane. Skredfaren er sterkt redusert, samanlikna med tidlegare på vinteren, på grunn av at snøen har blitt meir stabil. Du kan derfor velje brattare nedkøyringsalternativ på våren, slike som kan vere skredutsette tidlegare på vinteren.

Vestlandet med sine kvite fjelltopper og grønne, frodige daler byr på unike kontrastar som gjer våren til Vestlandets vakraste eventyr. Det er på denne tida naturen i Jølster og området rundt skil seg frå andre stadar i Norge. Det har eg ofte fått bekrefte når eg har teke med meg folk frå Oslo på topptur i Jølster.

### Den magiske kjensla

Dei lange toppturane på breane (Grovabreen og Joste-



dalsbreen) med nærliggande fjelltoppar, er ein favoritt om våren. Det å gå på den kvite sletta opp på Grovabreen i mai/juni med berre shorts og t-skjorte, medan du ser ned på dei grønne, frodige dalane langs Jølstravatnet, er magisk. Endå meir magisk er det når eg i tillegg opplever tørr nysnø under skiene på nedkøyringa i mai/juni. Denne kjensla hadde eg seinast 14. juni i 2012, då eg var så heldig å få avslutta ein fantastisk skisesong i Jølster med sol frå skyfri himmel og tørr nysnø under skiene på Grovabreen. For dei som bur i Oslo-området, og ikkje har hatt slike naturopplevingar før, blir denne magiske kjensla endå sterkare. Så sterk at det resulterer i at dei berre må komme tilbake.

### Panoramautsikt

Når eg ikkje har tid til noko anna enn ein kort vårskitur, er Sanddalsfjellet i Sanddalsdalen og Skafonnfjellet to favorittar. Særlig utsikta over Jølstravatnet på nedkøyringa ifrå Sanddalsfjellet er spesielt fin. 20. mai 2012 hadde eg med meg folk ifrå Oslo på vårskitur til Skafonnfjellet. Vi var så heldige den dagen å få oppleve fjellet frå si beste side, med sol frå skyfri himmel og fine snøforhold. Dei var veldig imponerte over utsikta, noko som resulterte i at vi brukte lang tid på oppstigninga og matpakka på toppen. Den fine naturopplevinga heldt fram på turen ned att til Ytre Fossheimsstøylen og vidare ned til bilane ved demninga. Då dei starta på turen tilbake til Oslo var det vindstille på Jølstravatnet, og dei bratte fjellsidene i Kjøsnesfjorden spegla seg i vatnet. Det mangla berre båten i det kjende måleriet «Bryllupsferden i Hardanger».

Eg håper alle disse naturopplevingane som eg har omtalt får deg til gå meir på topptur i vinter, og at du har fått nokre tips. Meir utfyllande turskildring til dei einskilde toppturane og opppistoløypene er å finne på skifantommet.com. Vi kjem som vanleg til å gå mykje på topptur utover vinteren og våren. Det er derfor stor sjanse for å møte oss i fjella. Eg vil ønske alle som skal på toppturar i vinter, god tur!

# Nytt frå Jølster Mållag

Av Hallstein Dvergsdal

*Jølster Mållag har siste året vore litt mindre aktive etter to år med store arrangement og mykje styr. Men det betyr på ingen måte at mållaget ikkje har vore på bana, tvert i mot.*

Det er to ting som først og fremst ber Jølster Mållag, og det er bladet «Jølst» og den årlege bokdagen. Bokdagen har dei siste åra vore arrangert i Eikaasgalleriet på Ålhus, slik også i fjor. Vi var så heldige å få to forfattarar på besøk, nemleg Erling Læg Reid og Arve Uglum. Begge hadde nyleg gitt ut bøker; Uglum om dialektord frå Sogn og Fjordane, ei samling ord frå radioserien Grautmål, og Læg Reid med ei samling av det han kalla nærgåande skisser, om folk han hadde møtt gjennom si lange gjerning som journalist og kultur-menneske. Til å stå for det musikalske stilte toradargruppa Jølstrabelgen som gav oss ein bukett muntre tonar.

Begge forfattarane gav eit stort publikum ei fin ettermiddagsstund, der humor og gode replikkar sat laust. At Erling Læg Reid døydde brått og uventa fire dagar seinare, var tragisk og eit stort tap for norsk kulturliv og det nynorske målet.

Målrosprisen gjekk i fjor til Skei Hotel for deira medvitne bruk av nynorsk i all si marknadsføring, noko som har blitt lagt merke til i vide kretsar og som vart nemnt i eit føredrag under jubileumsmarkeringa for 100 år med nynorsk i skulane i Jølster.

I august opna den nye kommunale barnehagen i Langhaugane. Dette måtte sjølv sagt også Jølster Mållag vere med på å feire. Mållaget kjøpte inn fire bøker, ei til kvar av avdelingane med dei eldste ungane. Vi håpar barnehagen får nytte og glede av bøkene.

Neste år er året då det norske språket skal feirast og markerast over heile landet gjennom Språkåret 2013. I følgje den nye direktøren i Språkrådet, Arnfinn Muruvik Vonen, så er dette eit prosjekt som Språkrådet legg mykje prestisje og tyngde i. Også her i Jølster vil vi markere dette gjennom eit samarbeid med Noregs Mållag, der vi i februar får besøk frå mållaget sentralt og planlegg arrangement på skulane i Jølster.

Jølster Mållag har siste året vore representerte på fylkesårsmøtet med leiar Hilde Yndestad Halland og Connie Hamre. Hamre var også utsending til Landsmøtet i Oslo, eit møte der det som venta også i år vart ein del fokus på og diskusjon om den nye nynorske skriftnorma.

Jølster Mållag vil også kommande år ha fokus på bruk av nynorsk mellom barn og unge, noko vi ser på som svært viktig i kampen for å halde det nynorske målet levande og interessant å bruke. Vi ønskjer gamle og nye medlemmer velkomne til godt samarbeid, med håp om eit god, nytt språkår.

14

*Toradargruppa «Jølstrabelgen» sto for den musikalske delen under bokdagen 2011. →*



*Målrosprisen for 2011 gjekk til Skei Hotel, og det var ein glad dagleg leiar Unn Skrede som tok i mot prisen. ↘*

*Erling Læg Reid blir takka for innsatsen på bokdagen av Hilde Yndestad Halland. Læg Reid døydde fire dagar seinare, eit stort tap for norsk kulturliv. ↓*



# Ferdsla på breane i Jølster

Av André Horgen

*Ved første augekast ligg breane i Jølster der som store hindringar mot nabobygdene på fleire kantar. Men går ein 300–400 år tilbake i tid, var breane rett som det var brukt som ferdsleveg. Den gong fanst det knapt stiar, vegar eller sjøfartsårar som kunne konkurrere med vegen over breen når jølstringane t.d. hadde ærend austover. Dampbåtane byrja ikkje å trafikkere fjordane for alvor før under siste halvdel av 1800-talet, og før 1858 var denne trafikken relativt sporadisk. Vegnettet overtok dessutan ikkje sjøvegane si rolle som viktigaste kommunikasjonsåre før på 1930-talet.*

Bakgrunnen for at breen var så eigna som ferdsleveg, finn vi i klimaforverringane frå 1200-/1300-talet som gjorde at ismassane på Jostedalsbreen vart større. Dei store ismassane utlikna ujamne og bratte parti i terrenget under. Overflata blei jamnare med færre og mindre sprekker. Isbreane i Noreg nådde si største utbreiing, etter istida, i tida mellom 1650 og 1930, under perioden som blir kalla «den vesle istida». Brearmene låg då fleire kilometer lengre framme i dalane enn i dag, og mange stadar var bratte heng blitt til slakke bakkar. For folk i Jølster og i andre bygder rundt storbreen var den relativt jamne og snødekte isen å føretrekke som ferdsleveg framfor ur og kratt i fjell og dal.

## Den første brevandrareren

Faktisk har det seg slik at den første namngjevne brevandrareren vi kjenner til i Noreg var frå Jølster. Frans Jakobsson Lunde heitte han. Han brukte breen som «frireveg», truleg ein gong i 1630-åra, ifølgje munnleg tradisjon på sjølvaste julaften. Han fekk ja og blei seinare gift med Åsa Mundal frå Fjærland. Omstenda førde vidare til at han slo seg ned i heimbygda til kona. Vi kjenner til Frans og turane hans over breen først og fremst fordi han kom i klammeri med lova i 1642. Då skal han nemleg ha gått over Marabreen mellom Fjærland og Jølster for å besøke faren sin heime på Lunde. Ulike omstende førte til at han då drap Rasmus smed Rasmusson i ein kamp på liv og død. Kanskje i frykt for blodhemn, ønskte han ikkje å vise seg i Jølster igjen. Difor skal han ha sendt kameratar over breen for å høyre korleis det stod til med faren. Lovas lange arm kom han likevel ikkje unna. Opplysningane ovanfor har vi nemleg takka vere forhøyret frå rettssaka i 1653, som finst i tingboka for Sorenskrivaren i Ytre Sogn.

## Breovergangar frå Jølster

Det er svært sannsynleg at det var relativt vanleg å ta turen over breen mellom Jølster og Fjærland på denne tida. Frans og kameratane hans var neppe dei einaste. Ruta dei følgde var truleg den same som er skildra i år-

boka til Turistforeningen for Bergen by og stift frå 1895: Frå Fjærland og Mundal, opp Bøyadalen mot Bøyabreen, vidare på stien oppover Jakobbakkane (sørvest for Bøyabreen), opp til Kvitevardane ved Marabreen, og så over denne relativt smale delen av Jostedalsbreen. På den andre sida av breen gjekk det bratt ned Lundeskaret til Lunde ved Kjøsnesfjorden.

Marabreen skal ifølgje breførar Anders Øygard (1980) ha fått namnet sitt etter ein hest som omkom der oppe: «Det seiast at 'Store-Bøyen', ein sers tiltaksam og uredde bonde i Bøyagrendi i Fjærland, skulle over breen til Jølster med ein hest seinhaustes. Komen vel opp på breen, fekk han brått tjukke snøkaven over seg. Om han gjekk fram eller attende, ville dauden lura overalt, ikkje minst i sprekene snøen alt hadde sletta over. Skulle dei bli ståande og venta på godvêr, ville både han og merri bli bergfrosne. Men 'Store-Bøyen' visste alltid ei råd. Han drog or sliri fehandlarkniven frå Mora, rende han til skaftet i hestestrupen og sprette opp magen bakover. Sjølv kraup han so inni og hadde det både lunt og godt og berga soleis livet. Blodut og stygg var han nok då han kom fram til folk att neste dag, men elles i god form».

Marabreen var neppe den einaste breovergangen jølstringane visste å nytte seg av. Enkelte kjelder tyder på at det også gjekk ei gammal rute frå Stardalen over til Veitastrand. Eit breparti på denne ruta blei truleg kalla Fonnabreen, etter garden Fonn. Ferdsla på denne ruta slutta truleg allereie i 1770 pga. ei ulykke: «På Fonnabræen kom omkring 1770 en mand bort ved at styrte ned i en sprikke, hvilket blev grunden til at den bræpassagen fra den tid af ikke mer blev benyttede», står det i årboka til Turistforeningen for Bergen by og stift (1895). Først i 1888 skal deler av denne ruta ha blitt teken i bruk att, denne gongen av Bertel Fonn og nokre andre jølstringar. No skal det seiast at det er noko usikkert når denne ruta blei teken i bruk som ferdsleveg. Den engelske fjellsportpioneren William Cecil Slingsby hevda at trafikken på denne ruta var av nyare dato. I 1904 skreiv han følgjande: «There are no traditions of ancient passages over the Langedalsskar or Fondalsskar, and the absence of cairns on the edge of the snowfields is a corroboration of the theory that, [...] Stardal was never visited by its neighbours east and south until a few years ago».

## Nytteferdsle

Ser vi på Jostedalsbreen under eitt har der vore mange tradisjonelle ruter over breen, ikkje minst mellom Nordfjord og Jostedalen. Dette var ruter som blei nytta i samband med varehandel og fehandel av lokale handelsmenn, fehandlarar og driftekarar, samt tilreisande skreppehandlarar. Vidare veit vi at bygdefolk brukte breen som ferd-

sleveg når dei skulle på besøk til vener og familie, når dei skulle på friarferd og kyrkjebesøk, samt i bryllaup og gravferd. Vi kan også rekne med at enkelte embetsmenn fann vegen over breen. Den norske fjellsportpioneren Kristian Magdalon Bind (1896) fortel t.d. om ein prest som uforvarande hamna i Stardalen i samband med ein tur over breen: «Omkring 1780 reiste en prest med 2 ledsagere og kløvhest fra Kron-dalen i Jostedalen og skulde over til Olden. På bræen fór de vild og måtte overnatte deroppe. Presten lå på et purkeskind, som hesten havde havt under sadlen. Næste dag kom de langs den isbræ, der ligger ret over for [aust for] Åmotsbræen, vel ned til Åmot i Stardalen, hvor folk endnu har det ordtøke, når de ikke har havt godt natteleie: 'Eg heve legje som prest på Pørkeskinn'.» Av dette ser vi at breen var ein eigna ferdslveg for reisande av mange slag.

Sannsynlegvis blei breovergangen mellom Jølster og Fjærland brukt på same måte som overgangane mellom Nordfjord og Jostedalen. Sjølv om hovudtyngda av drifteferdsla gjekk over ruter lengre nord på breen, er det enkelte kjelder som tyder på at det også har vore drifteferdsler over Marabreen. Breføraren Anders Øygard kunne bekrefte dette. Han fortalde at driftene gjekk opp Grøningsdalen eller Sygnesandsdalen. Funnet av ei slede-meie ved breen her tyder på at det også kan ha vore hestar i trafikk over breen. Årsaka til at vi har færre kjelder som skildrar driftsferdsler over Marabreen, samanlikna med andre ruter lengre nord, er truleg at jølstringane hadde eit alternativ sør for breen, over Sværeskaret. Dette var truleg den viktigaste ruta for sunnfjordingane som skulle over til Sogn med fedrifter på 1800-talet. Vel over på Sognesida, via den eine eller andre ruta, blei dyra frakta på lektarar over fjorden og drivne vidare opp til beiteområda på Sognefjellet, Filefjell eller til og med Hardangervidda. Når hausten nærma seg gjekk drifta vidare ned austlandsdalane til kjøtmarknadane austpå. Slik fekk nord- og sunnfjordingane avsetning for «overskotsdyra» dei hadde produsert.

### Vegvisarar over breen

I 1750 skreiv presten i Jostedalen, Matthias J. Foss, at dersom ein skulle over breen, måtte ein ha med seg lokalkjende folk som vegvisarar. Tilhøva på overgangen mellom Krundalen i Jostedalen og Kvamme i Olden var så vanskelege, at trass i vardar av tre: «[...] maa man have med sig herfra velbekiendte Folk til Ledsagere: at man ikke skal enten fare vild eller falde ned i de forborgne dybe Huler og Gab, som paa sine Steder findes paa Bræen, hvor Sneen kan være sammendreven og ligge løselig ovenpaa Hulerne og Bedække dem». På overgangen mellom Fåberg og Oppstryn var det noko lettare å finne veien ifølgje Foss, men likevel: «[...] maa man have kiendte Veivisere med sig, eftersom Veiene ere ligesaa vildsomme og farlige her». Desse vegvisarane var truleg personar som jamnleg hadde nytta seg at dei tradisjonelle breovergangane i samband med handel og anna ferdslveg, slik at

dei hadde betre kjennskap til rutene enn andre. Ingenting tyder på at desse vegvisarane var organiserte på noko vis, eller at dei tok seg betalt av sambygdingar. Det finst ingen kjelder som stadfestar om det var anbefalt med vegvisarar mellom Jølster og Fjærland. Truleg klarte bygdefolk og tilreisande seg sjølv på denne overgangen, enn så lenge.

I Jostedalen og Nordfjord var det i 1820-åra såpass stor



*Del av slede som vart funnen ved enden av Trollevatnet, der breen hadde trekt seg tilbake på 1960-talet.*

*Funnet viser at her må ha vore trafikk med hest.*

*Foto utlånt av Atle Lunde.*

etterspurnad etter vegvisarar, truleg frå tilreisande embetsfolk og naturvitskapsfolk, samt ein og annan turist, at Amtmannen for Nordre Bergenhus amt bestemte seg for å etablere eit offentleg vegvisarvesen for breovergangen mellom Oppstryn i Nordfjord og Fåberg i Jostedalen. Dette blei organisert og kom i stand allereie i 1829. Noko tilsvarende blei ikkje oppretta mellom Jølster og Fjærland, trass i at futen i Sunn- og Nordfjord var involvert i både «høyringsrunder» og i sjølve opprettinga av dette vegvisarvesenet. Igjen tyder det på at dei tilreisande klarte seg sjølv på denne overgangen.

### Nytteferdsla minkar

Utover på 1800-talet vart det slutt på den tradisjonelle nytteferdsla på mange av breovergangane på Jostedalsbreen. Då William Cecil Slingsby gjorde sine første turar på Jostedalsbreen i 1870-åra, var det berre nokre få breovergangar som var i bruk. Han var svært overraska over den manglande kunnskapen om breovergangane hos lokalbefolkninga: «The ignorance of the natives about the Justedalsbræe at this period is, however, a great mystery, as it is absolutely certain that a hundred years ago many passes were frequently crossed by traders between the district, of Sogn, Jølster, and Nordfjord» (1904). På denne tida var det truleg berre ruta mellom Greidung i Oppstryn og Fåberg i Jostedalen, samt ruta mellom Lunde i Jølster og Fjærland, som var i bruk.

Årsaka til at ferdsla slutta heilt på fleire breovergangar, var at brearmene blei mindre og dessutan meir oppsprekte utover 1800-talet. Den vesle istida kulminerte nemleg kring 1750. Med unntak av mindre framstøyt trekte brearmene seg dermed gradvis tilbake, noko som medførte mindre ismassar, som igjen førde til at topografien fekk større innverknad på korleis breen såg ut på overflata. Dersom landskapet under isen er bratt, fører dette til at det oppstår fleire og større sprekker i breen, og brefallet blir brattare. I tillegg vil også mindre snømengder føre til at forholda blir meir krevjande. Snøbruer forsvinn t.d. tidlegare på sommaren, slik at bresprekkene blir vanskelegare å forsere. Dette fenomenet førde truleg til at tilhøva på fleire



breovergangar blei så kompliserte at det vart slutt på ferdslene. Slingsby antyda også at årsaka til den manglande kjennskapen blant bygdefolket var «[...] the shrinkage of the glaciers, which probably made the western ice-falls to be more free from snow, and consequently more crevassed [...]». I tillegg hadde dei alternative måtane for kommunikasjon blitt betre. Mykje tyder på at folk byrja å føretrekke dampbåtane framfor ferdslvegane over breen frå 1860- og 1870-åra. Passasjertrafikken på Sognefjorden auka t.d. frå 19 395 reisande i 1862 til 86 994 reisande i 1887. Men ferdsla på breen slutta ikkje av den grunn. Nye grupper hadde i mellomtida komme til.

### Naturvitarar og kartleggjarar

Allereie midt på 1700-talet hadde embetsmenn og naturvitskapsfolk fatta interesse for Jostedalsbreen som naturfenomen. Gabriel Heiberg, prest i Gloppen, kunne for eksempel rapportere om «Blaa-Breden» i 1740-åra: «I Møklebust-Dahlen findes et mærkværdigt Field, 2 steenkast omtrent fra Gaardens Huuser, som er betakt med idel lis, og derfor kaldet «Blaa-Breden» eller «lis-Breden», hvilket blaa lisfield strekke sig mange Miile igiennem een stor Deel av Nordfiords, Sundfiords, Sogns, Hardangers, Romsdahlens og flere Districter har Mærkelig taget til hvert Aar, særdelis i sidstavvigte kolde og fuktige aringer, og gjør ved jevnlig Udfald stor og ubodelig Skade paa de nærgrænsende Gaarder». Også presten i Jostedalen, Matthias J. Foss hadde gjort sine observasjonar av dette underlege naturfenomenet: «Denne lisbræ er et forfærdelig høit lisbjerg som ligger oven over de høie Fielde [...] Den er af Couleur himmelblaa og saa haard som den haardeste Steen nogensinde kan være, med store revner og dybe Huller overalt [...] saa stor at Skyerne støder an paa den, og de høieste Fielde ligge dybt neden for den som en Afgrund» (1750).

Det er lite truleg at Foss gjorde inngåande studiar av breen. Som andre på den tida viste han lita innsikt i breen som naturfenomen. Tilvekst og rørsle på breen kunne han t.d. ikkje forklare: «[...] for den Sneer som om Vinteren kan falde paa den fortæres vel om Sommeren, men lisbræen vokser alligevel jo større, jo større». Årsaka til at breen voks, skulle bli gjenstand for fleire studiar utover på 1800-talet. Fleire glasiologar oppsøkte Jostedalsbreen utover på 1800-talet, og glasiologi som eigen vitskap voks fram i takt med dei funna som vart gjort. Dei fleste fann vegen opp Jostedalen og gjorde undersøkingane sine derifrå eller frå Nordfjord-sida.

Parallelt med arbeida til glasiologar og andre naturvitskapsmenn, føregjekk det utstrekt kartlegging av Jostedalsbreen på denne tida. Dei første seriøse arbeida med å kartleggje breen tok til sommaren 1863. Då innleidde oppmålingsoffiser Fredrik Sejersted arbeidet med kartlegging av Jostedalsbreen og områda rundt. Han starta i sør med å bestige Supphellenipa ved Fjærland, for så å gå over den gamle ferdslvegane til Lunde. Undervegs bestemte han høgda på Kvitevardane ved Marabreen. Han tok seg så vidare til Olden, der han besteig Ceciliekruna, kanskje som den første. I åra 1864–65 besteig han også Lodalskåpa og Skåla og føretok nye målingar på

Jostefonn. Arbeidet hans blei vidareført av fleire. Den siste av etterfølgjarane hans, premierløytnant Karten Lorang, avslutta kartmålingane i 1870, og ti år seinare svar amtskartet ferdig.

### Turismen grip om seg

Amtskartet som blei ferdigstilt i 1880, og det skulle ei ny gruppe brevandrarar få gleda av. Frå 1870-åra søkte nemlig turistar og fjellsportsfolk seg til Jostedalsbreen som aldri før, og Fjærland blei etter kvart den viktigaste destinasjonen for breturistar. Den store auken i breturismen med utgangspunkt i Fjærland førte jamvel til nedgang i turisttrafikken andre stadar rundt breen. Futen i Sogn forklarte denne nedgangen på følgjande måte: «Efter den nu saagodtsom daglige Dampskibsfart paa Fjærland, hvor man har Anledning til paa en letvindt Maade at besee et Par af Jostedalsbræens større forgreininger, vil Antallet af Turister gennem Jostedal formentlig heller indskrænkes end forøges, saa at man neppe kan gjøre Regning paa et større Antal reisende end det, som i de sidste Par Aar har passert Dalen, ialfald paalenge».

I Fjærland fekk dampbåttrafikken ringverknader. T.d. blei Hotel Mundal opna i 1891. Tidlegare hadde tilreisande til Fjærland fått losji i Mikkel S. Mundal sin butikk. Frå hotella, gjestgjevaria og ikkje minst frå kaiene der turistskipa la til, var det fleire stadar naudsynt å finne ei transportordning for turistane til brearmene. Dermed blei dei organisert hestetransport langs kjerrevegane og roskysse over vatna. Trafikken i Fjærland blei så stor at bøndene fann det tenleg å gå saman i skyssandelslag i 1889. Då hadde dei både rett og plikt til å stille hest og stolkjerre for transport av turistar inn til breane. Samtidig plikta dei å stå for bygging og vedlikehald av kjerrevegar. Inn til Bøyabreen blei det t.d. bygd veg i 1891. Enkelte dagar, når dei store cruiseskipa kom inn Fjærlandsfjorden, kunne det vere bestilt heile 55 stolkjerrar til breen kl. 9 laurdag morgon, slik eit eksempel frå 1912 viser.

Turiststraumen til Fjærland fekk ringverknader også til Jølster. Dette medførde m.a. at garden Lunde i Jølster etablerte turiststasjon rundt 1880. I Stardalen opna Daniel Aamot skysstasjon omlag samtidig. Det blei også organisert skyssordningar for turistane både over Veitastrondsvatnet inn til Veitastrond og på Jølstravatnet/Kjøsnesfjorden inn til Lunde, først med robåtar, seinare med dampbåt.

### Patentførarane

Det var først med den store veksten i turisme på og rundt breen i 1870- og 1880-åra at det blei meldt om behov for breførarar i Jølster og Fjærland. Amtmannen i Nordre Bergenhus amt registrerte denne auken i turismen rundt 1880-åra og reorganiserte og utvida sitt førarvesen på denne tida, men utan å tilsetje vegvisar korkje i Jølster eller Fjærland. Men den store veksten i turismen fekk Den Norske Turistforening (DNT) til å komme på bana. DNT tok etter kvart initiativ til eit landsomfemnande patentførarvesen i 1890, og i løpet av 1890–91 blei amtet sitt vegvisarvesen innlemma i dette. I denne privatiseringsprosessen gjorde Amtmannen DNT merksam på at det også var behov for vegvisar mellom Fjærland og Lunde. Då

hadde vel og merke Andreas Lunde, frå Lunde turiststasjon, og Mikkel S. Mundal, frå Mundal Hotel, allereie verka som breførarar ei stund.

I 1890 blei 1800 bre- og fjellførarar tilsett av DNT som patentførarar i ulike delar av fjell-Noreg. Tre av dei hadde patent på ein eller fleire breovergangar på Jostedalsbreen, med utgangspunkt frå garden eller bygda dei sjølv budde i. Desse var: Thor Antonsson Gredung i Oppstryn, Lars Larsson Lien i Jostedalen og Lars Jansson Batalden i Olden. I tillegg blei Johannes Hansson Vigdal frå Hafslo patentførar for Jostedalsbreen og Hurrungane. Nordre Bergenhus amt avslutta sitt engasjement rundt førarvesenet i løpet av 1891. I 1898 engasjerte så DNT Mikkel S. Mundal med patent på ruta mellom Fjærland og Jølster. På same overgang verka som sagt også Andreas Lunde i 1890-åra, og i 1927 blei Anders Lunde patentførar for DNT. I tillegg kan det nemnast at Daniel Ivarsson Søgne-sand er registrert med breføraroppdrag frå Jølster i 1890-åra. I Stardalen verka Elling Aamot i 1890-åra, og seinare Dagfinn Aamot og Daniel Aamot (patentførar frå 1934). I Veitastrond er Sjur Olsson Hedlaren og Lasse Olsson Næs registrerte med breføraroppdrag i 1890-åra, mens Lasse Næsset verka som patentførar frå 1910 til 1934, etterfølgd av Nils Neset i 1934. I Fjærland hadde Mikkel S. Mundal konkurranse frå Kristian Virkesdal, Johannes Mundal og Hans Bøyum. I 1930 blei Erik Øygaard tilsett som patentførar på denne sida av breen.

Reiseskildringa til engelskmannen Hoddinott i DNT si årbok frå 1892, viser korleis dette «nettet» av offisielle og uoffisielle breførarar kunne fungere på Jostedalsbreen på denne tida. Først skal han ha bestege Lodalskåpa frå Bødalsseter, med patentførar Lars J. Batalden som førar. Nokre dagar seinare hyra han Rasmus Rustøen til å føre seg over Oldeskaret til Stardalen. Derifrå tok han seg vidare til Lunde på eiga hand. Og på Lunde fekk han endeleg Andreas Lunde til å føre seg over Marabreen til Fjærland.

### Fjellsportsfolka

Ei gruppe tilreisande brevandrarar som skilde seg frå den ordinære turist var fjellsportsfolka. Desse var ikkje nøgde med å vandre over kjende breovergangar med lokale førarar. Dei tok mål av seg til å utforske dei kvite flekkande på kartet, til å nå toppen som førstebestigarar, eller å gå brefall som dei første. I den norske bre- og fjellheimen var det, langt ut på 1800-talet, framleis muleg å gjere nye «oppdagingar», samt å få æra av å døype både brefall og fjelltoppar. Som gentlemen forsøkte ein å unngå openberr konkurranse, men av og til var det med naud og neppe at dei klarte det.

I 1894 hadde nemleg både William Cecil Slingsby og Kristian Magdalon Bing tatt mål av seg og utforske Austerdalsbreen, ein arm av Jostedalsbreen som var vanskeleg tilgjengeleg, og på den tida ein kvit flekk på kartet. Den siste store pionerbedrifta på Jostedalsbreen stod att. Sommaren dette året møtte Slingsby og Bing kvarandre på Mundal Hotell i Fjærland. Slingsby gjorde «herr Bing of Bergen» merksam på at det tidlegere ikkje var gått opp noko rute frå Austerdalsbreen og opp på sjølvre breplatået.



På veg over Marabreen. Foto utlånt av Atle Lunde.

Nokre dagar seinare for Slingsby med følgje over til Veitastrond for å gjennomføre netteopp denne turen. Då dei stod på toppen mellom Lokebreen og Odinbreen omtala Slingsby området som: «[...] the finest ice scenery in Europe», og samtidig: «[...] a terra incognita». Men til hans store overrasking kom han over ein varde med ein klump kvit kvart øvst.

«Kvitesteinsvarden» var bygd der nokre timar tidlegare. Bing hadde nemleg komme Slingsby i forkjøpet. Og det er nærliggjande å tru at dette, frå Bing si side, var eit aldri så lite prestisjeoppgjær. Sjølv hevda Bing at han brått fekk ideen til turen dagen etter at han hadde prata med Slingsby i Fjærland. Han påstod at han berre hadde teke Slingsby sin kommentar om Austerdalsbreen som ei generell bemerkning, og ikkje som ein konkret plan. Det er tydeleg at Bind hadde behov for å forklare det merkeleg samantreffet. Han hadde i alle fall valt Lunde som utgangspunkt for turen sin, truleg for å unngå ein openlys kappestrid med Slingsby. På toppen mellom Loke- og Odinsbreen rakk han å byggje Kvitsteinvarden nokre timar før Slingsby nådde same punktet. Begge taulaga hadde sett spora etter kvarandre, utan at eit direkte møte hadde funne stad. Hendinga førte til noko uvenskap mellom Slingsby og Bing. Slingsby var inneforstått med at det var Bind som hadde retten til å gje namn til dei tre brefalla, ein rett som Bing var svært ivrig til å hevde. Dermed fekk dei tre brefalla, som går saman i Austerdalsbreen, namna Tor-, Odin- og Lokebreen.

Jølstringen Daniel Ivarsson Søgne-sand var Bing sin kompanjong på denne turen. Følgjande viser at Søgne-sand primært var med som taulagskamerat framfor breførar. Han sette nemleg som betingelse for sin eigen deltaking at «[...] du fær vera vegviser». Undervegs skal han ha brot ut: «[...] me kjem aldri meir til manne», og i etter-

tid skrev han selv: «Jeg reiste imod mit eget husfolks vilje [...]», og «[...] havde jeg ikke reist, saa havde der ikke blit nogen anden med paa denne tur».

### Bings gryte

Kristian Magdalon Bing må nok reknast som Noregs fremste pioner innan bresporten. Utforskinga av dei kvite flekkane på kartet var opplagt eit viktig motiv for fleire av breturane hans. I 1894 utforska han dei nordre delane av Jostedalsbreen, og i 1897 la han ut på tur saman med Johannes S. Mundal for å utforske den sørlege delen av breen. På denne turen gjorde dei den oppsiktsekkende oppdaginga at breen ikkje var samanhengande heile vegen slik amtskartet viste. Årsaka til at kartet var feil, var kanskje den at breen hadde trekt seg tilbake sidan amtskartet vart laga i 1860-åra, slik at det blei bert fjell mellom dei to breområda. Jostefonn blei uansett frå no av sett på som ein eigen bre, og lengda på Jostedalsbreen blei minka med 8 km. Det faktum at det langt tilbake hadde vore to forskjellige namn på breane, kan tyde på at dei som brukte breen som ferdsleveg i tidlegare tider, hadde opplevd dette før.

I denne samanhengen ser det også ut som om rekord- og konkurransemotiv var viktige for Bind. Sommaren 1898 gjekk han Jostedalsbreen på langs, saman med nordfjordingane Per Jørgensson Grønfar og Absalon Jonsson Erdal, frå Hjelle til Fjærland, «[...] hvad der ikke havde vært udført af nogen» (Bing 1899). Turen blei nøyaktig målt til å ha teke 47 timar, og: «[...] den længste sammenhengende brætur, som overhovedet kan foretages i gamle Norge og paa Europas fastland [...]» var overstått. For å klare denne bedrifta trengde Bing to forsøk. Veke i forvegen hadde han prøvd å gå motsett veg saman med Mikkel S. Mundal og ein engelskmann. Av følgjande sitat, frå det første forsøket, ser vi at rekord- og konkurransemotivet heilt klart var til stades: «[...] Vi kom ved at gaa mod nord bort til en snekant, som styrtede brat ned, - hvor dybt ned kunde vi riktignok ikke se, thi taagen var tæt og skjulte alt; men paa det uvisse at stige ned stupbratte og ukjendte snestyrtinger i taage, fandt vi at være risikabelt. [...] at indlade mig paa nogen vidtløftighet for at sætte en ny rekord fandt jeg for mit vedkommende uforsvarligt [...]». På det andre forsøket fekk Bing forklaringa på den «stupbratte og ukjendte snestyrting»: «Det viste seg nemlig, at der tversover bræen, hvor denne er paa det smaleste [...] gaar en 10 meter høi, yderst brat snemur. En oval isgryde med glatte vægge». Det var altså på denne turen den kjende isformasjonen «Bings gryte» blei oppdaga. Om 'gryta' var kjend blant dei lokale frå før, er uvisst, men ikkje usannsynleg.

### Dei lokale blei påverka av turistane

Sjølv mot slutten av 1800-talet var reisande eit sjeldan syn i nokre av bygdene rundt Jostedalsbreen. Engelskmannen Moorfield si reiseskildring frå 1888 er eit døme på korleis eit møte mellom turistane og bygdefolket kunne fortone seg. Han og ein kamerat kom til Nystølen ved Veitastrond, der dei skulle starte på ein bretur og opplevde at det blei stor oppstandelse på setra: «Here we found, that they had

so few visitors, that we were objects of great terror to the children, and of intense curiosity to the older natives». Etter turen over breen kom dei til Fonn i Stardalen, der dei blei møtte på liknande måte. Folk lurte dessutan på kvar dei hadde komme frå: «Whence we had come was therefore doubtless a mystery to these simple folk».

Mange stadar tok det likevel ikkje lang tid før enkelte jølstringar viste stor interesse for turane som turistane og fjellsportfolka tok over breen. Enkelte beretningar kan stadfeste at nokre jølstringar let seg inspirere til å føreta breturar som ikkje hadde noko å gjere med den tradisjonelle nytteferdsla på breen. Frå Stardalen er det eit eksempel på at folk gjorde turane etter dei tilreisande. Engelskmannen Russel Starr gjekk over breen til Stardalen frå Veitastrond i 1885. Fire år seinare gjekk fleire stardølingar same ruta, til dei kunne sjå ned i Langedalen på Veitastrondsida.

Det verka òg som om enkelte at dei lokale karane adopterte det sportslege synet på bre- og fjellvandring som fjellsportfolka hadde. Fjellsportmannen Birger Huun skreiv t.d.: «Mikkel Mundal var ingen almindelig fører, der gikk for å tjene nogen kroner om dagen ved å slepe turister over til Lunde. Han var den idealistiske sportsmann» (1933). Dette kom klart fram då Slingsby føreslo for Mundal å krysse Fonndalskaret ein av dagane etter utforskinga deira av Austerdalsbreen. Men nei, det ville han ikkje vite noko av. Det hadde vore gjort tidlegare, og smakte ikkje av eventyr. Mikkel blei neste fornærma over forslaget frå Slingsby. Mundal uttrykte ein gong si eigeninteresse for breturar på følgjande vis: «Det er med fjeldture just som med tobak, faar man først smagen derpaa, saa er man ikke god for at holde op» (Bing 1896).

Andre døme på jølstringane sitt tidlege friluftsliv på breen frå denne perioden er frå 1888, då Bertel E. Fonn og Hans E. Fonn, samt fleire andre jølstringar, «gjenopna» ruta mellom Fonn i Stardalen og Fjærland. Vidare fortalde Anders Lunde at det tidlegare vart halde bygdestemne på toppen av Lundeskaret kvar sommar. Desse stemnehelgane mellom sogningar og sunnfjordingar skulle rundt 1900 ha gått føre seg årleg. Tilsvarande stemne blei også halde på fjellovergangane mellom Oldedalen og Stardalen, samt på Handspiki mellom Jostedalen og Skjåk. Desse døma tyder på ei gryande interesse for brevandring og friluftsliv blant lokalbefolkninga frå rundt 1880–90, og at denne interessa fekk rotfeste utover på 1900-talet.

Berre unntaksvis finst det eldre eksempel på at lokalbefolkninga rundt Jostedalsbreen reiste på breturar tilsynelatande for turens eigen skuld: «I 1798 eller 1799 ved vinterstid vilde en Ola Bøyasva fra Fjærland tage på ski over til Jølster. Kommen op på storbræen fik han imidlertid lyst på en større tur. Og det berettes med krav på at være pålidelig, at han så drog nordover bræen helt til Opstryn via Greidungsbræen; han blev en dag i Opstryn og tog samme vei tilbage til Fjærland» (Turistforeningen for Bergen by og stift. Årbok 1895).

(Artikkelen er omsett til nynorsk av redaksjonen.)

# Kulturskulen – trivsel og kompetanse

Tekst og foto: Siv Kristin Eikås Hovland

*Gjeshalla, ein kveld i juni. Salen er fullsett og på scena står elevvar frå Vassenden skule og Jølster kulturskule saman og rockar laus med songar frå dei siste fire tiår.*

– Det er absolutt det kjekkaste eg nokon gong har vore med på, når det gjeld musikk og sceneframvisning! Faktisk, så kan eg ikkje hugse å ha vore med på noko kjekkare i heile mitt liv, seier Ingrid Årdal, som var ei av dei som var med og opptredde på scena.

Det er litt over eitt år sidan kabareten «Come as you are» vart vist for publikum, men opplevinga sit framleis friskt i minnet.

For elevane låg det mykje arbeid bak, då heile skuleåret 2010/2011 gjekk med til å lage sketsjar, skrive om songar til nynorsk og øve. Samarbeidet mellom Jølster kulturskule og Ungt Entreprenørskap (forankra i norsk fordjuping på ungdomssteg) ved Vassenden, vart altså til oppsetjinga «Come as you are», der Reidun Støfring ved SoFt (Sogn og Fjordane teater) hadde regi. Elevane fekk i oppgåve å plukke ut låtar frå dei siste 40 åra og setje dei om til nynorsk. Blant songane som vart omsette var Deep Purple sin «Smoke on the water», som vart til «Røyk stig frå vatnet», Police sin «Every breath you take» til «Kvart steg du tek» og tittelen og Nirvana sin song «Come as you are» omsett til «Kom som du er». Samt ei rekkje andre engelske og norske songar.

Dei skreiv også tekstar til små skodespel og sketsjar, øvde inn alle låtane, samla inn kostyme og fletta det til slutt saman til ei flott førestilling i Gjeshalla 1. juni 2011. Den raude tråden i førestillinga var sjølvstøtt typiske ungdomstema som konflikt ungdom/vaksen, mobbing, kjærleik, «sex, drugs & rock'n roll».

Rektor ved kulturskulen Anja Gulbrandsen fortel at det vart brukt utallege timar på prosjektet.

– Fyttigrisen så kjekt vi hadde det undervegs! Då vi kom til generalprøven var det ei heilt spesiell stemning. Vi fekk sjå at det vi hadde arbeidd med heile skuleåret, som var meir eller mindre kaotisk til tider, endeleg var blitt eit heilstøppt produkt. Med profesjonell lyd og lys som gav heile førestillinga eit løft, den berømte «prikken over i'en», vart alle elevane kjempeimponerte over kva dei sjølv viste fram. Det var store smil både framfor og bak scena den kvelden.

På slutten vart kulturskulen sine elevvar kopla inn, og elevane frå Skei og Vassenden vart til slutt ein samansveisa gjeng. Publikum kom som dei var, og begge førestillingane var utselde og salen var fylt opp til randen. Med flotte tilbakemeldingar frå begge framvisningane den kvelden, var det ei stor oppleving for alle som deltok. I etterkant har det vore etterspurnad om å setje opp framvisninga ein gong til, ved ei seinare anledning.

– Det er kjekt når vi har større prosjekt saman med andre, slik som «Come as you are». Det var berre så utruleg kjekt, og det virka som om alle tykte det også, seier Ann Beate Eikås Hovland ivrig. Ingrid Årdal er heilt einig.

– Det tok mykje tid, alle dei kveldane vi øvde. For meg var det noko heilt nytt med både sketsjar og musikk i lag. Når du veit at du skal framføre det to gongar, og det går mykje, mykje betre andre gongen, det er ein utruleg bra følelse!

Men følelsen ein får når ein er ferdig, er den beste følelsen i verda. Då skjønner du at alt arbeidet og alle dei timane du har lagt i det var totalt verdt det, og du har berre lyst til å gjere det om og om igjen.

## Kulturskulen

Kulturskulen i Jølster såg dagens lys i august 1998. Den er kommunalt drive og er ei eiga tenesteeining i kommunen. Rektor Anja Gulbrandsen syter for dagleg drift, samt underviser, og har vore rektor sidan starten. Dei ulike undervisningane føregår på skulane på Skei og Vassenden, men også i andre høvelege lokale i kommunen.

Hausten 2003 feira kulturskulen 5 års-jubileum med eit stort Elton John-arrangement, og 10 års-jubileum hausten 2008 med «Saturday Night Fever», eit show med glitter, stas og mykje publikum. Hausten 2009 var det Michael Jackson som vart heidra av dei flinke elevane, og året etter var det «Pink Floyd» som stod for tur.

## Ulike tilbod

Saman med Espen Heggheim og Tommy Sandnes Kvammen spelar Ingrid og Ann Beate i bandet «The Four Musketeers», og alle fire har dei gått på kulturskulen i nokre år.

Jølster kulturskule har i dag rundt 80 elevvar. Tilboda ein kan vere med på er dans, song, gitar, piano, teater, bildekunst, kyrkjeorgel, klarinett, bass og fele. I tillegg til dette jobbar ein med å få til kor. Medan Tommy og Espen har gått på gitar har Ann Beate prøvd ut drama/teater i tillegg til song. Og Ingrid har vore med på både drama, piano og song. I dag er det kun song dei to er med på, i tillegg til at Ingrid er instruktør i dans.

## Å spele i band

Bandet deira kom saman for om lag to år sidan under Jazz på Jølst, der dei deltok på eit kurs for ungdommar. Dei fann ut at dei spelte bra saman, og ikkje minst at dei hadde det veldig kjekt. Som alle band med respekt for seg sjølv, har det vore litt utskiftingar når det gjeld medlemmar i gruppa, men i dag består altså bandet av dei fire. Jentene på vokal og gutane på gitar.

– Korleis er det å spele i band?



– Det er gøy, gøy, gøy, gøy, gøy! Når eg syng åleine er det jo berre meg, men i eit band føler ein seg litt tryggare. Dessutan har vi det alltid veldig morosamt når vi er på øving, smiler Ann Beate. I tillegg er det jo ganske kult å seie at ein er med i eit band, hehe.

Tommy er heilt einig. – Det er spesielt kjekt når vi får spelejobbar. Om lag 90 % av poenget med å spele i band er jo å få framføre det ein har øvd på.

Tommy har no slutta i kulturskulen etter å ha vore med sidan 2008. Grunnen er at han har byrja på musikklinja på Firda vidaregåande skule. No stiller han i staden som vikar på gitar, og som lyd- og lysmann på ulike konsertar og framsyningar ved kulturskulen.

– For meg er kulturskulen ein stad ein kan lære å uttrykke seg musikalsk, verte flink på eit instrument. I tillegg til at ein får sjansen til å spele for eit større publikum.

Espen har gått på gitar i heile fem år. Men det var ikkje sjølvsagt at det var det han skulle byrje med.

– Eg tenkte litt på piano, fordi systema mi spelar det, og ho er veldig flink, i tillegg høyrdes det veldig kjekt ut. Fiolin var òg eit alternativ, sidan bestefaren min spelar det.

Likevel fann han ut at det var gitar han ville spele, ettersom fotball ikkje var noko for han.

*Medlemene i "The Four Musketeers" på Din Jølsterdag 2012. Frå venstre: Espen Heggheim, Ingrid G. Årdal, Anne Beate Eikås Hovland og Tommy Sandnes Kvammen.*

– Eg fann ut at eg hadde litt talent og ville fortsette. Kulturskulen betyr veldig mykje for meg. Utan den hadde eg ikkje hatt sjansen til å lære meg å spele gitar.

Grappa på fire har spelt saman i knapt eit år, men kan allereie vise til ganske mange spelejobbar. Dei har blant anna spelt på ulike arrangement og møter på Skei hotell, ei 60-års feiring, konsert på Din Jølsterdag, Jølstrarevnen og dei har delteke på UKM (Ungdommens kulturmønstring), der dei gjekk vidare til fylkesmønstringa på Eid.

Alle er samde om at kulturskulen er veldig flott. Det er sosialt, ein får gode erfaringar og vert scenevande. Ingrid er veldig glad for at det finst eit slikt tilbod.

– Uff, dette høyrer litt klisjé ut, men hadde det ikkje vore for kulturskulen hadde eg ikkje vore den eg er i dag. Den har teke mykje av tida mi, men eg gjer det jo fordi eg tykkjer det er kjekt. Sjølv om det kan vere veldig hektisk til tider. Eg hadde nok ikkje hatt dei vennane eg har i dag, eller bandet mitt, om det ikkje hadde vore for kulturskulen.

21

 **elfag**

**Årdalsbakke Elektro AS**

Lona, 6843 Skei i Jølster  
www.aardalsbakke.no



*elfag.no - Når du treng elektrisk*

**COOP VASSENDEN**

Tlf 57 72 72 00

Opningstider:

Kvardagar 09:00 – 19:00

Laurdag 09:00 – 18:00

# 6. KLASSE SKEI SKULE



**Framme frå venstre:** Andrine Fonn Nilsen, Mathea Førde Mosesen, Frida Jamaris Huus, Silje Mundal, lærar.

**Andre rekke frå venstre:** Ruben Flatjord Kjosnes, Asbjørn Bolset, Alf Fonn Sæten, Matilde Årdal, Sarah Sandnes, Bertel Eimhjellen Årdal.

**Tredje rekke frå venstre:** Jon Vågane, Elias Roko Eide, Oliver Aagaard, Thea Kjosnes, Arian Son Bergheim.

22

## Mathilde

### Venner

Ser ut som ein glad person  
Høyrest ut som ein trillande latter  
Lukter som blomstrer   
Kjennest ut som silke   
Venner 

### Haust

No er det haust  
der i aust  
Blada dett   
haren sprett   
Regnet pøsar  
menneske sløsar

## Elias Roko Eide

### Vi vinn, vi taper

Fotball er gøy.  
Fotball er skøy.

Dommeren er sta.  
Vi spelar bra.


Fotball er gøy.

I fotball må du bruke riktig tøy.

Fargen er grønn.  
På bana høyrer vi spark og stønn.

Dommeren bles.  
Kampen er over.

Vi vann!



## Mathea

### Mus

Mus er små  
et ost,  
nokre jagar dei med kost.

Mus bur ute  
eller i små hol,  
men et ikkje kål.



## Andrine Fonn Nilsen

### Vennskap

Vennskap  
ser ut som  
eit smil.  
Vennskap  
høyrest ut som ein  
trillande latter.  
Vennskap luktar godt.  
Vennskap smakar  
som vennskap.  
Vennskap kjennest ut som ein man kan stole på.  
Vennskap



## Oliver

### Trollet som blei brent på eit bål

Det var ein gong eit troll  
som ikkje kunne telje til tolv,  
han hata rocken roll.  
Han likte berre å komme i mål,  
å få kål.  
Han var jo veldig snål,  
sjelv om han blei brent på eit bål  
Han heitte Pål  
og blei til aske  
så tok han på seg ei maske.



## Jon

### Katten min


Katten i huset var på jorda  
fordi huset var på jorda  
og katten var i huset  
  
Den katten var spesiell  
fordi det var  
den einaste katten  
i det store huset  
som var på den plassen på jorda

### katten min



Katten er  
i huset

## Sarah




Dråpar  
landar i  
handa mi.  
Dråpane  
er vete og kalde.  
Dråpane  
følast friske og gode.  
Dråpane  
ser ut som små krystallar.  
Dråpane  
er magiske,  
dei smilar til  
meg.

23

## Asbjørn Bolset

### Sau

Eg har ein sau  
Min sau  
Nummeret er 0215  
Min sau  
Krøllet, kvit, mjuk og god ull  
Men når vi klipper sauen blir han litt kald  
Om sommaren skal dei ut på beite  
for å ete gras




Asbjørn Bolset

## Alf

### Kua

Kua ser ut som pelsdottar  
Kua høyses ut som ei ku  
Kua luktar som kloakk  
Kua smakar som gras  
Kua kjennest ut som ein banansplitt




# 6. KLASSE SKEI SKULE

Ruben Kjosnes

## Kyr

Kyr ser ut som ein stor pelsdott  
Kyr høyrst ut som 500 kg pelsdottar  
Kyr luktar som drøvtyggarar  
Kyr smakar som saftig kjøtt  
Kyr kjennest ut som bustete hår

Kyr



Arian

## Vinter

Vinter ser ut som ein smilande gut.  
Vinter høyrst ut som ulande vind.  
Vinter luktar som friskt og kaldt.  
Vinter smakar som snø.  
Vinter kjennest ut som noko mjukt.

Vinter



Bertel E. Ardal

## Tentacruel

Tentacool kan ikkje gjere eit verk,  
men Tentacruel er stor og sterk.  
Tentacruel slo ein Geodude,  
sjølv om han brukte Magnitude.  
Plutselig kom det ein Throh,  
Tentacruel tapte for Rock Throw.



Tentacool

Tentacruel

Geodude


Throh

Thea Kjosnes

## Haust

Haust ser ut som varme fargar, nakne tre.  
Haust høyrst ut som vinden bles.  
Haust luktar som visne blad.  
Haust smakar som kald is.  
Haust kjennest ut som minusgrader.

Haust



Frida Jamaris Huus

## Livet

Livet er stort og langt  
Livet er som eit hjul  
Livet? Kva er meininga med livet?  
Det seier jo at gud skapte livet,  
Men kven skapte Gud?  
Livet byr på mange spørsmål  
Eit godt tips berre ikkje spør!  
Lev!





# Frå Søgnehildtunet til Lake Johanna

Av Stig Årdal

«Uforglemelige kjære moder og søskende og Slægtinger, for at de kan erfare mit velgaaende Paa dene min Lange Reis maa jig i et øieblik tage Pennen i Haanden og underrete eder om Samme».

Den 10. juli i 1864 sat Johannes Olsen Årdal i Milwaukee og skreiv brev heim til mor si, Pernille Olsdotter Årdal. Då hadde han vore på reise i over to månadar. Men enno skulle det ta fleire år før han fann fram til området som han endeleg skulle slå seg ned i, Lake Johanna i Minnesota. På dette tidspunktet viste nok ikkje Johannes sjølv kor ferda skulle ende; framleis måtte han prøve seg fram, bli kjent med forholda og finne ut av korleis han kunne få tak i nytt land å dyrke.

## Oppbrot

Johannes Olsen Årdal var ein av ikkje mindre enn 83 jølstringar som i april dette året braut opp for å finne ei ny byrjing i Amerika. Han var då 22 år gamal, og eldste son i ein søskenflokk på fem, fire gutar og ei jente. Mellom 1860 og 1865 forlèt om lag 100 jølstringar bygda med kurs for det lova landet over Atlanterhavet. Fram til 1925 skulle vel 900 personar reise frå bygda med kurs for Amerika.

I brevet heim att til mor si skriv Johannes ingenting om kvifor han fór. Vi må difor nødvendigvis sjølv gjere oss nokre tankar om grunnen til at han denne maidagen i 1864 blei med barken *To venner* ut frå Bergen. Ein avskil med heimlandet som fór han, til liks med dei fleste som på denne tida reiste til Amerika, var endeleg. Håpet var nok som Johannes gav uttrykk for i brevet heim: «... saa at om vi ikke skulde se hinanden meir her i dette Liv saa haaber jig at vi samles i Det Evige hvor vi aldri mer skal skilles. Lev da for alting for det evige liv».

På midten av 1800-talet var folkemengda i Jølster kome til ei yttergrense for kva naturressursane med den tids jordbruk kunne brødfø. Odelslova bestemte alt frå krybba av kven som kunne sjå fram til ein gard, og dermed vere sikra eit framtidig levebrød. Dei andre i søskenflokken måtte pent finne andre løysingar. For svært mange blei alternativet då å kome seg ut av bygda. Dei som blei verande att, utan tilgang til jord, enda ofte opp som husmenn. Det å kome seg ut var på ingen måte ukjent for jølstringane; frå slutten av 1600-talet og gjennom heile 1700-talet flytte det meste av fødselsoverskotet ut av bygda. Ein reknar med at opp under 1400 jølstringar forlèt bygda i løpet av 1700-talet; rundt halvparten av dei slo seg ned i Bergens-området, dei andre i ytre Sunnfjord. Slik fungerte Bergen som ein sosial stabilisator for Jølster og andre sunnfjordbygder. Folketalet, og dermed presset på naturressursane, blei halde under kontroll. Men utover på 1800-talet blei denne sosiale luf-



Johannes Olsen Årdal. Bilete på jarnplate som han sende heim att frå Amerika.

tekanalen plugga att. Napoleonskrigane, med Danmark-Noreg på den tapande sida, for brutalt fram mot sjøfartsnæringa i landet, noko som også råka sjøfartsbyen Bergen hardt. Resultatet blei mindre tilgang til levebrød for sunnfjordingar, og spesielt jølstringar, som ikkje fann livsgrunnlag i heimebygda. Når bygda også blei råka av mange år med misvekst og dårlege avlingar, blei situasjonen for jølstringane svært vanskeleg. I tillegg slo fisket i fjordane og ute ved kysten, noko som bidrog med gode ekstraskillingar til mange jølstringar, feil. Bygda var i økonomisk krise. Nesten alle som reiste ut i 1864 hadde økonomiske problem; ni av dei fekk lån gjennom fattigvesenet for å komme seg ut. Det meste i bygda var trøngt. Tronge tun, tronge stover. Tronge livsvilkår.

Som eldst i søskenflokken gav odelslova Johannes førstretten til Søgnehildtunet, og vi skulle kanskje tru at han då ikkje var den første som ville reise ut. Men i utvandringsåret 1864 var mor hans framleis relativt ung. Sjølv om ho dette året berre fylte 41 år, hadde ho alt rukke å vore enke i ti år. Berre 40 år gammal døydde mannen hennar, Ole Johannessen, etter at det gjekk kollbrann i eit sår som han pådrog seg i ei sprengingsulukke. Slik sett var Johannes på ingen måte urøyd med at livet kunne ta bråe vendingar. På veg til sitt nye tilvære i det lova landet, og i det seinare livet som farmar, skulle Johannes oppleve at sjukdom og død alltid var naturlege følgjesveinar.



"To venner" Foto: Norsk maritimt museum

Pernille venta sitt femte barn då Ole Johannessen døydde. Ifølgje tradisjonen var det då slik at kom det eit gubebarn til verda, så skulle det namngjevast etter far sin. Og slik blei det. I søskenflokket på fem enda altså to av brørne opp med identisk namn; Ole Olsen Årdal.

For ein 22-åring som var på utkikk etter levebrød må vi tenkje at det blei lenge å vente på å ta over bruket. Og for Pernille sin del var det nok vanskeleg å seie frå seg garden så lenge dei andre borna hennar ikkje var vaksne. Eldst av dei i søskenflokket som var att, Brita, var 20 år gamal og vaksen. Men den eldste av brørne hans, Ole, blei 15 år det året Johannes reiste, Samuel fylte 12, og yngste-Ole blei 10. Om Johannes overtok bruket og sjølv stifta familie, måtte det bli vanskeleg å syte for alle. Han måtte nok finne seg i å vente, og i mellomtida prøve å finne seg eit anna livsutcome. Og akkurat det var som nemnt ikkje så enkelt i ei tid då ressursgrunnlaget i bygda var pressa til det ytste. Alternativet blei Amerika.

### Overfart

Den 3. mai dette året tok Johannes ut frå Bergen med barken *To venner*, eit tremasta skip på 321 brutto tonn. Sjølv skriv Johannes ingenting om korleis han tok seg fram til byen, men vi må tru vegen gjekk frå Førde med båt. Vi kan også tenkje at han nytta seg av den samferdslerevolusjonerande ruta til Nordre Bergenhus Dampskibe, som blei skipa i 1858, seinare Fylkesbaatane. Då selskapet starta eiga rute på Sunnfjord i 1859, var nettopp Førde ein naturleg stad å legge inn ein rutestopp.

Kapteinen på *To venner* heitte J. Olsen. Skipet, som då hadde vore i drift i 11 år, blei bygt i 1853, i Libau, Russland. Før det blei bygt om til emigrantskip hadde skipet gått på svartehavsfart, segla på Austersjøen og Nordsjøen, og blitt brukt til trelastfart på austkysten av Canada. Og det var kanskje nettopp trelasthandelen som gjorde det aktuelt å bruke skipet på emigrantfart. For etter at den britiske navigasjonsakta blei heva i 1849, blei det mogeleg for norske skip å frakte emigrantar til

Quebec i Canada og ta med seg trelast tilbake til Storbritannia. Dette sikra last begge vegar og gjorde det meir lønsamt å frakte emigrantar til Amerika. Navigasjonsakta var ei engelsk sjøfartslov som bestemte at det berre var engelske skip som kunne drive med handel med engelske koloniar. Frå 1850-talet og utover reiste dei fleste amerikafararane frå Noreg over Quebec.

Det er ingen opplysningar som fortel at *To venner* tok fleire emigranturar enn denne eine som Johannes var med på. I 1892 møtte skipet sin endelege lagnad i ei kollsegling ved øya Guernsey i Den engelske kanal. Men no hadde dampskipa for lengst tatt over hegemoniet på verdshava. Tida for seglskutene var over. For dei som skulle over havet betydde det at turen blei kjappare, meir behageleg og ikkje minst, sikrare.

Som seglskip må *To venner* ha tatt seg kjapt fram gjennom bølgiene. For i seglskipa si tid måtte ein ta høgde for at turen over havet, alt etter vør, vind og straum, kunne ta både to og tre månadar. For Johannes og *To venner* sin del tok turen knappe seks og ei halv veke. Turen må ha gått direkte, utan mellomlanding frå Bergen til Quebec. Å ta ut på ein slik tur var alltid ein kalkulert risiko. Ein risiko som vi må tru dei fleste som la ut hadde tenkt igjennom. Bortsett frå tre barn som døydde, fortel Johannes, gjekk turen fint. Det første som døydde, eit barn frå Hallingdal, blei gravlagt i Atlanterhavet, det andre blei «ved siden av Floden begravet», medan det tredje fann si grav i Quebec, «hvor til vi kom den 18de Juni..» Barna skriv han ikkje meir om. Han gir ikkje uttrykk for sorg, frustrasjon eller medfølelse med foreldra. Berre konstaterer at slik er det.

Dei som var med opplevde at turen over sjøve Atlanterhavet gjekk fort. Johannes fortel at det etter tre veker berre var 150 mil att. Men om bord på *To venner*

kunne ventetida likevel bli ganske så lang og innholds-  
laus. Spesielt ille blei det etter at dei kom til «River eller  
Floden» og måtte ankre opp både ein og to gonger om  
dagen i påvente av betre vind. For Johannes blei heller  
ikkje situasjonen betre av at han jamt over ikkje kjende  
nokon av dei andre som var med i turfølgjet. Den einaste  
var Ole Stubhaug frå Naustdal, som han blei kjent  
med i Bergen før avreise. Men opp gjennom «floden»,  
når han kunne stå på dekk og beundre det «deilige land»  
omkring, med sine prektige bygningar og grønne skogar,  
blei han lysare til sinns. «Floden» og «River» må bety  
innseglinga mot Quebec gjennom St. Lawrence-golfen.

### Sjukdom og død

Det var ikkje forlis og skipbrot som var den største faren  
ved å ta seg over Atlanterhavet med seglskip. Derimot  
kunne sjukdommar og epidemiar ta med seg mange  
menneskeliv før skipet nådde til hamns. Berre tre år før  
Johannes tok ut, i 1861, blei det rapportert til den norske  
konsulen i Canada at det om bord på 40 skip med til  
saman 8853 passasjerar som dette året kom til Quebec,  
omkom ikkje mindre enn 186 personar. Av desse døydde  
175 før dei kom fram, og elleve medan dei sat i karantene  
etter framkomst. Dette året var det ei stor auke i  
utvandringa frå Noreg, og etterspurnaden etter skipsrom  
var stor. Mange emigrantskip og skipsførararar let seg  
nok freiste av utbyttet, og tok inn alt for mange passasjerar  
i høve til plassar og rom. Konsekvensen blei  
tronge og uhygieniske forhold, med påfølgjande sjukdommar  
og epidemiar. Når Johannes i sitt brev tilbake til  
mor si kort kommenterer at tre av barna aldri kom fram,  
så var nok ikkje det av likesæle eller manglande omtanke  
for andre. Han, og alle som var med, var sjølvsgatt klar  
over farane ved å dra over havet. At det kunne bryte ut  
dødelege sjukdommar må han ha høyrte om før han fór.  
Dessutan kom han sjølv frå eit samfunn der svært  
mange av barna aldri nådde vaksen alder. For dei aller  
fleste var døden langt frå ein ukjent følgjessvein. Andre  
skipsrapportar gav uttrykk for det same: «Alt gikk vel og  
fornøyd til blant passasjerene ombord», blei det meldt frå  
*Sjofna* i 1851, «når undtas at vi hadde 7 dødsfall på reisen  
her til». Same om *Tegner*, som kom til Quebec i  
1853. Alt var vel om bord, blei det rapportert. «Kun to  
barn 3 å 4 år, er døde, forresten har alle passasjerer  
befunnet seg særdeles vel».

Til vanleg heldt utvandrarane til på mellomdekket, der  
det tett i tett langs skipssida blei satt opp køyer, ofte fire-  
mannskøyer i to etasjar. Her skulle dei ta i seg mat, sove  
og oppholde seg under ein overfart som gjerne kunne ta  
både to og tre månadar. Om vind- og straumtilhøva blei  
uregjerlege, og turen drog for mykje ut i tid, kunne rasjo-  
nane på vatn og mat bli svært så tronge.

Trass styresmaktene sine forsøk på å strame opp hygi-  
enen blant folk, kunne det framleis stå ganske så dårleg  
til med reinsemda rundt om i dei mange hus og heimar.  
Her hadde nok ikkje sunnfjordingane eit spesielt godt ord  
på seg, og særleg innlandsbøndene kom dårleg ut. Skal  
vi tru Eilert Sundt, så bada sunnfjordingane ein gong i  
året. Vinterens strenge klima gjorde det nødvendigvis

heller ikkje enklare å passe på den personlege hygien.  
Og nettopp ein situasjon der svært mange menneske var  
trengt saman i eit trangt, mørkt og dårleg ventilert rom  
om bord i ei seglskute, kunne gje sjukdomar og smitte  
gode levevilkår. Seglturen, spesielt for urøynde innlands-  
bønder, kunne i seg sjølv vere ei prøve, når dei ved stor  
sjøgang blei kasta omkulls, sleit med sjøsjuke og måtte  
overleve i attskalka og dårleg ventilerte rom. Men faren  
for og redsla for sjukdomar var alltid ei ekstra påkjenning  
for dei som var om bord. Toalettihøva var elendige, og  
braut det først ut sjukdom, var det ikkje mogeleg å isolere  
dei sjuke frå dei andre.

I verste fall kunne ein råke ut for stormar som heldt det  
gåande over fleire veker. Under dekk var bruk av lys og  
eld til matlaging, forbode. Under slike forhold trong det  
ikkje gå lang tid før dei første tilfella av blodgang, eller  
dysenteri, slo ut på passasjerane. Når sjukdommar først  
braut ut, var det svært vanskeleg å hindre spreiding. Og  
som alltid var det barn og unge, dei som stod seg dårle-  
gast mot smitte, som blei råka først, og hardast. I 1868,  
til dømes, fire år etter Johannes si amerikareise, døydde  
så mange som 20 barn av meslingar på seglskipet  
*Victoria*. I 1857 ankra båten *De tre brødre* opp på hamna  
i Quebec. Då var sju barn døde, og fleire barn måtte  
leggast inn på sjukehus.

For Johannes sitt vedkomande var turen «ganske  
tollig», men sjøsjuka sleit i fleire av dei som var med.  
"Overmåde storm" skal dei visstnok ikkje ha opplevt på  
turen. Skjønt, av og til kunne nok passasjerane oppleve  
det slik at dei faktisk var i storm. Men dette, meiner  
Johannes, var nok mest på grunn av deira manglande  
erfaring med sjø og hav. Både han og hallingdølane var  
innlandsbønder, så vi må tru at ingen av dei hadde stor  
erfaring med sjølivet.

### Quebec

Quebec blei grunnlagt i 1608 der det tidlegare var ein  
innfødd buplass. Namnet Canada refererer seg til denne  
buplassen; «kanata» er eit indiansk ord for landsby. Då  
*To venner* ankra opp i Quebec den 18. juni i 1864, var  
byen hovudstad i Canada. Fram til 1850 reiste dei fleste  
som ville til Amerika over New York. Men frå femtitalet og  
utover landa dei fleste i Quebec, før dei tok vegen over  
dei store sjøane og vidare inn over Midtvesten i Amerika.  
Det var nettopp ei slik rute Johannes følgde på sin leit  
etter nytt levebrød i det lova landet.

Johannes skriv ingenting om byen, kva han dreiv med  
eller kva losji han hadde. Men vi får vite at han blei der i  
åtte dagar før han drog vidare. Som vi har sett var han  
ganske så åleine, og vi veit lite om kva kunnskap han  
hadde om Quebec og landet han hadde tenkt seg til. Rett  
nok treffe han på jølstringen Peder Dvergsdal i byen, og  
som vi har sett var han blitt kjent med Ole Stubhaug frå  
Naustdal. Peder var fødd i 1819, og hadde med andre  
ord nådd ein moden alder av 45 år då han saman med  
kona Elisabeth og seks barn reiste over til Amerika.  
Familien var nok blant dei som jølsterlensmannen meinte  
ikkje var eit tap for bygda om dei reiste. Peder stod regis-  
trert med manglande innbetaling av skatt både i 1861,

1862 og 1863, før han og familien altså reiste til Amerika i 1864. Sjølv skulle Peder nå høg alder, og døydde i 1912, 92 år gamal. Kona døydde i 1900, 77 år gamal.

Elles var det tydelegvis meininga at Johannes Olsen Årdal skulle reise saman med Johannes Myklebust. Men ifølgje han sjølv gjekk ikkje skipet «efter sin bestemmelse», så dette blei det likevel ikkje noko av. Johannes Myklebust var far til hans komande kone, Brite Gjertrud, så kontakten må tydeleg ha vore der før dei tok avskil med gamlelandet. Også Johannes Myklebust, fødd i 1816, reiste saman med familien sin; kona Emmerentze Anne og seks barn. Foreldra var altså opp under 50 år gamle når dei tok fatt på ei høgst usikker seglskuteferd over havet, for så, bokstaveleg talt frå grunnen av, starte på nytt i eit land som dei ikkje kunne ha mykje kunnskap om. Dei reiste nok ut i håpet om at borna og deira familiar, når dei kom så langt, kunne skaffe seg eit lettare tilvære, og større framtidsvoner, enn det dei sjølve kunne tillate seg å håpe på.

Vi må tru at Johannes sine føresetnader for å greie seg var mykje dei same som for dei fleste andre. Språkkunnskapane var det så som så med, og han måtte nok stole på det som andre fortalte han om forholda der borte. Blei han oppsøkt av agentar, såkalla runnerar, frå diverse transportselskap eller overnattingsplassar og vertshus, som prøvde å kapre nykommarane til sine føretak? Ukunnige i språket, og med svært liten kunnskap om landet *over there*, var mange nordmenn eit lett bytte for folk som tilbød seg å ordne med kost og losji, så vel som billetter til turen vidare. Mange er historiene om folk som let seg lure. Som når dei blei lova ei billeg reise gjennom landet med billetter som skulle vise seg å vere utan verdi. Eller at billetten likevel berre gjaldt for ein liten del av reisa, og at det var nødvendig å punge ut endå meir for å koste turen heilt fram. I tillegg kunne transport av bagasje også bli lagt til i prisen, noko som det sjølv sagt ikkje blei snakka høgt om når avtalen blei skriven under. Men mange av desse agentane, som kunne tene gode pengar på dei tilreisande sine mangelfulle kunnskapar, kunne nok likevel syte for eit minstemål av hjelp. Ofte trådde også skiparane på emigrantfartøya til med hjelp til kontraktsinngåing med transportselskapa som skulle ta dei vidare. Nokre av dei kunne til og med finne på å følgje med utvandrarane eit stykke for å sjå til at kontrakten blei innfridd. Dei som ikkje hadde med seg billetter som var sende av slektningar og familie som hadde reist tidlegare, eller ein skippar som tok ansvar, kom ikkje utanom desse agentane om dei skulle kunne greie å skaffe seg skyss vidare. I New York blei det i 1855 oppretta ein særskilt mottakarstasjon for emigrantar, Castle Garden, der alle utvandrarane blei sette i land. Mykje av hensikta bak dette var at dei reisande der kunne ordne med den vidare reisa innover i landet, utan å bli lurt av ulikt slags agentar. Tidligare hadde Canada etablert eit emigrasjonsdepartement som mellom anna skulle føre tilsyn med gjennomgangstrafikken til Amerika. Desse tiltaka kom til stor nytte, sjølv om mange framleis blei utnytta og lurt. I løpet av 1860-åra kom agentverksemda inn i meir ordna former, og blei overtatt av meir seriøse aktørar.

## Vestover

Johannes blei verande i Quebec til den 26. juni, før han reiste vidare med jernbanen; «hvilke var en hurtig Skjyds», ein heilt ny erfaring for den utvandra jølstringen. Ikkje mindre enn 500 menn var med toget, kor vidt kvinner og barn var med, skriv han ingenting om. På denne tida var det lagt jernbaneskiner frå Quebec til Toronto, vidare til Sarnia og Port Huron. Johannes skriv at han følgde toget til ein by som heitte Adsonia. Deretter bar det med dampskip over dei store sjøane, Lake Huron og Lake Michigan, til Milwaukee. Adsonia må vere den same byen som Sarnia. Språket var framandt, og han må nok ha skrive namnet mykje slik han hørte det.

Johannes var tydelegvis imponert over dei nye transportmåtane, vand som han var med hesteskyss på land og årar og segl på vatn og sjø. Rett nok må han ha vore kjent med dampruta frå Førde til Bergen, så litt av ei ny tid hadde han nok opplevd. Men at han berre brukte fem dagar på å legge bak seg «et Tusind mil engilske vest fra Qvebek» før han enda opp i Milwaukee, det var han imponert over. Vi får tru at timane blei kortare, og turen med dampbåt over dei store sjøane meir komfortabel, enn ferda over havet. 9 spesidalar måtte han ut med for å komme seg frå Quebec til Milwaukee. Turen over Atlanteren hadde kosta han 13. I dei første åra av utvandringa kosta ein direktetur til ei amerikansk hamn, det vil oftast seie New York, minst 25 til 30 spesidalar, for ein vaksen person. Etter at det blei vanleg å ta turen over Quebec, drog overfartsprisen seg nedover, og ein kunne komme frå det med 12–15 spesidalar. Det kan difor sjå ut til at kostnaden for å komme seg over havet for Johannes sin del låg om lag på snittet.

Korleis han har skaffa midlar til turen skriv han ingenting om. Etter som den første utvandringssølgja rann på, var det mange som hadde familie, slekt og vener i Amerika som kunne bidra til billetten. Gjerne ved å sende pengar eller billetter heim til Noreg. Som gjenyting låg det ei forventning om å arbeide på farmen over ein bestemt periode. Dei aller fleste av nordmennene som drog over, reiste for å skaffe seg land og livsutcome i jordbruket. Behovet for arbeidskraft kunne difor vere stort, og mange nybrottsbønder hadde difor absolutt ikkje noko i mot at kjentfolk heimanfrå kom over for å arbeide på farmen. Men slike hjelparar kan ikkje Johannes ha hatt. Sjølv om enkelte hadde utvandra tidlegare, var 1864 det første store utvandringsåret frå Jølster. Dei som hadde reist tidlegare hadde knapt nok arbeidd opp kapital som kunne koste nye amerikafararar over havet. Dessutan var Johannes den første som utvandra frå Søgnhildtunet.

## Milwaukee

Også namnet Milwaukee er indiansk, og skriv seg frå Millioke; godt land. Noko som Johannes tydelegvis var samd i. For her er landet vakrare og meir fruktbart enn heime, kunne han fortelje. Om han berre hadde hatt familien rundt seg, så hadde det ikkje vore «langsamt», som han skriv. Men i og med at han for det meste var åleine, og ikkje hadde med seg andre som han kjente noko vidare, så opplevde han situasjonen som vanske-

leg. I brevet som han skreiv heim att frå Milwaukee, skin saknet av familien og kjentfolk tydeleg igjennom.

I dei siste åra før den første store utvandringa dette året må det i Jølster ha vore mykje prat og diskusjonar om Amerika. Det er ikkje vanskeleg å tenkje at det må ha gått informasjon og rykte frå slekt, familie og kjentfolk frå område og bygdelag rundt Bergen til Jølster, område som var tidlegare ute med utvandring enn Jølster. Det nye tilværet på hi sida av havet bydde på hardt arbeid og slit. Likevel var det mange som greidde seg bra, og mange amerikabrev hadde gjennom fleire tiår gått tilbake til moderlandet. Skildringar, og etter kvart bilete, av dyrka jorder og nye hus, flate og lettdyrka gardar. Sjølv sagt kunne det vere stas å vise kva ein hadde fått til; det blei nødvendigvis ikkje trekt frå noko i skildringa av eigen framgang i det nye landet. Og det som var av maskiner måtte sjølv sagt visast fram. For stadig fleire festa tanken om ei betre framtid i Amerika seg. Sjølv om 1864 var det første store utvandringsåret frå Jølster, var det dei som hadde reist tidlegare, frå Håheim, Sårheim, Ålhus, Hjelmbrække og Gjesdal. Dei første amerikabrev må ha blitt sendt tilbake til heimbygda. I familien var eit amerikabrev ei storhending, og letta må ha vore stor når det endeleg kom livsteikn frå son, dotter, slekt og vener. Rundt bordet om kvelden, etter at arbeidet var unnagjort, må praten og diskusjonen ha gått. Rykte, forteljingar, sladder og nytt om dei som for ut brukte nok ikkje lang tid på vegen over vatnet og rundt til bygda sine mange grender. Utvandringa blei sjølv sagt også diskutert i landets aviser. Var det eit gode at folkepresset blei letta som følgje av utvandringa når det var fleire og fleire som her heime ikkje fann livsgrunnlag og slik blei bli ei byrde for samfunnet? Eller tappa amerikafeberen landet for arbeidskraft, tanke og ressursar slik at det var til skade for landet? Ifølgje Jølster-lensmannen var det heilt greitt at dei som ikkje greidde seg sjølv, reiste ut. Men heldt det fram på same måten, så vil det vere til stor skade for distriktet, meinte han. Han skriv også at det i bygda var ei rådande oppfatning at det var mykje lettare å arbeide seg opp og fram i Amerika enn heime i Jølster. Var det fleire som skreiv som Johannes, at ei vanleg borddekking for ein arbeidar der borte ikkje blei slått av dei beste bryllaupsbord i heimlandet? Dette var utsegner som ikkje akkurat bidrog til å gjere draumen om Amerika mindre. I første del av 1860-åra må amerikafeberen i Jølster hatt ein svært så høg temperatur.

Johannes hadde nok danna seg eit bilete av kva han gjekk til før han til slutt tok den endelege og livsbestemmande avgjerda om å reise. Men svært mykje kunnskap om det nye landet, og korleis han skulle greie seg der, kunne han nok likevel ikkje ha. Når han endeleg var framme, måtte det å skaffe seg livsopphald og inntekt nødvendigvis vere prioritert nummer ein. Som vi har sett fekk Johannes turen med *To venner* for ein gjennomsnittspris. Men av formuleringane i brevet forstår vi at resten av turen kosta han meir enn han hadde rekna med, såleis var «Lansfragtene meget Dyrere en Dem før har veret, Ligesom alle andre ting er i høieste pris en som det nogen sinde har veret». Resultatet var tom lom-

mebok: «Det blev ganske lidet Penge for mig frå den tid jeg kom til Milwake og til den tid jig gik i arbeid.» No var naustdølingen han kom i prat med i Bergen god å ha, og av han lånte Johannes pengar til han sjølv fekk eige innkome. Men livet på kreditt varte nok ikkje svært lenge for Johannes, for allereie den 2. juli fekk han arbeid på jarnbana. Utover dette får vi ikkje vite kva arbeidet handla om. Men for innsatsen skulle han få ein og ein kvart dollar om dagen. Den amerikanske borgarkrigen rasa enno for fullt, og svært mange av dei unge måtte gjere si borgarplikt der. Difor var det stor etterspurnad etter arbeidskraft. Hadde det ikkje vore for den tørre hausten og dei dårlege avlingane i jordbruket dette året, meiner han at han fort kunne fått 3 dollar pr. dag for å arbeide der. Krigen gjer også at pengane ikkje er like gode som i heimlandet, skriv han. Som kjent er ikkje inflasjon uvanleg i krigstider. Men dette var også ein fordel for dei som hadde med seg nok startkapital til å kunne kjøpe opp dyrka land. For dei dårlegare stilte nykommarane var derimot situasjonen ein heilt annan. Husleiga var høg og maten dyr; opp til åtte dollar måtte dei ut med for ei tønne med kveite, kan han fortelje.

### Giftemål

I dei følgjande åra må det ha gått fleire brev mellom Amerika og Søgnhildtunet. «Dere vil snart faa nærmere underetning fra mig. Du maa skrive om Du leser brevet Samuel jig lever vel Med Hilsen til Den tid og hvilke er min største lengt at for å få høre fra Eder igjen», skriv Johannes. Diverre er desse breva forsvunne, og i dei neste tre åra har vi ingen opplysningar om Johannes. Men vi veit at han den 31. desember 1867 gifte seg med 21 år gamle Brite Gjertrud Johannesdotter Myklebust. Dette året fylte Johannes 25 år. På bryllaupssetelen er det skrivi Johannes Olsen – Årdal, eller Ordal, er fjerna. Etter kvart skulle han amerikanisere namnet sitt ytterlegare til John Olsen. Brite er skrivi som Brika Nelson, ei feilskriving av fornamnet, må vi tru. Nelson må vere etter faren, Johannes Nilsen Myklebust. Bryllaupet stod i Scandinavia, Waupaca County i Wisconsin, som ligg nordaust for Milwaukee. Som namnet tyder på var dette eit av dei mange settlementa som nordmenn og andre skandinavar slo seg ned i, og var blant dei største i den nordlege og midtre del av staten. Her er landskapet meir variert enn på prærien, med åsar av eikeskog, elvar og innsjøar. Og innimellom ein del god jord.

Brite kom frå Myklebust, der far hennar i første omgang overtok bruket mor hennar vaks opp på, før han og familien reiste til Amerika 1864. Far til Johannes Nilsen kom frå Nedrebø, nærare bestemt bruk nr. 1. Frå bruk nr. 2, «Bendiktunet», i det same klyngetunet, reiste året før Johannes Ludvig Olsen Nedrebø. Han enda opp som pionerfarmer ved Elbou Lake, Minnesota, nordaust for Lake Johanna der Brite og Johannes seinare skulle busette seg. I dag vitnar det freda tunet med sine bygningar og tunmiljø om tida då dei første amerikafarane reiste frå Jølster. Vi må tru at banda til dei tidlegare naboane til Johannes Nilsen Myklebust nødvendigvis ikkje kan ha vore bremsande for praten og tankane om Amerika.

Den tidlege utvandringa bar preg av gruppeutvandring, noko som også gjaldt for jølstringane, sjølv om Johannes sjølv ikkje reiste saman med andre sambygdingar over havet. Folk tok ut i lag og heldt ofte saman når dei prøvde å finne fram i det nye landet. Ofte kunne eit settlement bli folkesett av folk som i gamlelandet stort sett kom frå det same området. Det var heller ikkje uvanleg at ein familie for ei tid kunne slå seg ned i eit område for så å reise vidare. Slik kunne eit etablert settlement vere utgangspunkt for danninga av nye settlement i andre område. Familien Myklebust var då heller ikkje den einaste frå Jølster som slo seg ned i Scandinavia. Her finn vi namn som Elias S. Fluge, Gunder H. Slåtten, Ingeborg C. Navnløs, Oline P. Erikstad og Oline K. Myklebust. I 1869 kom også Crispinus E. Navnløs til området. I perioden fram til 1875 var det minst 29 jølstringar som slo seg ned i området.

Dette, og banda til familien Myklebust, som tydelegvis må ha vore der sidan før han reiste frå Jølster, må ha trekt Johannes til området, dit han kom i 1865. Brite, saman med sine foreldre og søsken, kom dit i 1864. Det veit vi på grunn av at amerikareisa skulle ende fatalt for yngstebror Ludvig Ivar. I juli dette året blei han gravlagt i Scandinavia. Då var han enno ikkje fylt sju år.

### Minnesota

Frå 1867 høyrer vi ikkje meir frå familien Olson før i 1870. Då finn vi dei att i Lake Johanna, Pope County, Minnesota. Minnesota består av bølvgjande sletteland som er gjennomskore av dei mange elvane og innsjøane i området. Namnet, som tyder himmelfarga blått, skriv seg frå sioux-indianarane og refererer seg til dei mange innsjøane som på klare dagar speilar att den blåfarga himmelen.

I 1850, medan Minnesota-området enno var tomt for skandinavar, oppheldt den svenske forfattaren Fredrika Bremer seg der. Begeistra skreiv ho heim att: «Hvilket herlig nytt Skandinavia kunde ikke Minnesota bli. Her vilde svensken finne igjen sine klare, romantiske sjøer, Skånes kornrike sletter og Norrlands daler; her finner nordmennene sine stride elver, sine høye fjell – for jeg tar Klippfjellene og Oregon med i det nye riket; begge folk sine jaktmarker og sitt fiske. Danskene vilde beite sine hjorder, og bygge sine farmer på rikere kyster og med mindre tåke enn Danmarks».

Litt av landskapet kan ein nok kjenne att frå Skandinavia, og det kan sjå ut til at det var mange som følgde oppfordringa frå Bremer. I 1850 var det berre tolv personar frå Skandinavia som hadde slått seg ned i Minnesota. Men straumen av norske, svenske og danske immigrantar voks, og med sine 36 000 norske blant 59 000 skandinavar var nordmennene i 1870 den største gruppa av folk utanfrå Amerika som busette seg i denne delstaten. Det samla folketalet i Minnesota var då opp mot 400 000.

Homestead Act, ei lov som kom i 1862, skulle få mykje å seie for at så mange jordhungrige skandinavar og andre stadig drog vidare vestover på jakt etter land som dei kunne ta eigarskap på. Ifølgje denne lova kunne alle amerikanske borgarar, eller alle som hadde til hensikt å bli amerikanske borgarar, ta 160 acres, eller ca. 640 mål,

oppmålt regjeringsland. Motkravet var at settlaren oppheldt seg der i fem år og kunne vise til forbetringar av eigedommen. I praksis betydde det å bygge eit hus for å busette seg på eigedommen, grave ein brønn, ploge opp 10 acres og gjerde inn eit område av ein viss storleik. Homesteadet trong ikkje betale skatt, og jorda kunne ikkje beslagleggast på grunn av gjeld. Lova blei oppheva så seint som i 1977. Rett nok hadde den sine svake punkt, og gjorde det mogeleg for spekulantar og svindlarar å misbruke lova. Dessutan blei store områder tatt hand om av jarnbaneselskapa for å fremje sine interesser i utviding av jernbanenettet. Svære landområde gjekk dermed tapt for nybrotsmenn på jakt etter nytt land og ny framtid.


### Pope County

Alle amerikanske statar er inndelt i county. Eit county er ei administrativ inndeling; ein mellomting mellom fylke og kommune, i stor utstrekning sjølvstyrt, og i folketal og areal jamt over større enn våre kommunar. Countyet er igjen delt inn i township. Dette er dei minste lokale administrative einingane i USA, og kan samanliknast med eit norsk kyrkjesokn. I utstrekning er eit township alltid like stort, og dannar eit kvadrat på seks gonger seks engelske mil. Omrekna til norsk blir det knappe 100 km<sup>2</sup>. Kvart enkelt township er delt inn i 36 seksjonar som i neste omgang kan delast opp i fire kvartar. Ein kvart kan utgjere ein farm på 160 acres, eller om lag 640 mål, som er ein nokså vanleg storleik på dei amerikanske farmane.

Pope County ligg i den midtre, vestlege delen av Minnesota. I dag har countyet vel 11 000 innbuarar, med Glenwood som administrasjonssenter og største by. Countyet blei grunnlagt i 1862 og er framleis i dag eit jordbruksfylke. Til området kom dei første norske nybyggjarane i det same året som Johannes kom til Amerika, i 1864. Dette gjaldt først og fremst familiar frå Telemark og Setesdalen. Mange av dei slo seg ned i det søraustlege hjørnet av countyet, i nærleiken av innsjøen som Brite og Johannes nokon år seinare skulle slå seg ned ved, Lake Johanna. Namnet meiner ein skriv seg frå ei kone eller dotter til ein av dei første settlarane som slo seg ned der. Lake Johanna blei organisert som township i 1867. I dag kan vi sjå att den norske og skandinaviske dominansen blant dei første settlarane i namn som til dømes Lake Norway, Nilson Lake, Scandinavian Lake og Lakes Hanson. I området finn vi også Lake Swenoda, som refererer seg til at det nettopp var svenske, norske og danske settlarar som slo seg ned der. Til liks med dei fleste andre som utvandra til Amerika, såg jølstringane etter land som dei kunne kjenne seg att i. For mange av dei blei det langflate prærielandskapet vanskeleg å takle, vant som dei var med bratte fjell og djupe dalar. Namnet prærie er elles eit fransk namn som tyder, nettopp, gras-sletter. I dette området kunne nok nordmennene finne seg betre til rette, i eit frodig landskap med åsar, skogar, innsjøar, bekker og elvar. Så er også området ein del av det som blir kalla for Lake Park Region.

### Lake Johanna 1870

I dei neste tiåra kan vi følgje familien John Olsen i fødera-



Utsnitt frå brevet som Johannes sendte heim att til Søgnhildtunet

le og statlege folketeljingar. Av teljinga i 1870 får vi vite at Brite og Johannes var blitt foreldre til to søner, Ole Ludvig og John Peder. Ole Ludvig kan vi tenkje fekk namn etter familietradisjonen; i slekta går namnet Ole att gjennom mange generasjonar. Ludvig må vise til Brite sin yngstebro, som aldri skulle få vekse opp. John må vi også tru er etter familietradisjonen. Både far til John Peder og far til Brite blei som vi har sett døypte Johannes, til liks med oldefar i Søgnhildtunet, Johannes Nilsen Ardal.

Av folketeljinga i 1905 får vi vite at Johannes hadde halde til i Lake Johanna i 35 år. Det må bety at det ikkje kan ha vore svært lenge før folketeljinga i 1870 at han kom til området. Denne fortel også at gutane til Johannes og Brite må ha kome til verda i 1869 og 1870. Kanskje var Brite gravid med John Peder når dei tok til på sitt nye liv?

Ifølgje teljinga frå 1870 rådde Johannes over 328 acres land, noko som skulle bli ikkje mindre enn vel 1300 mål. 29 acres av dette, knapt 120 mål, var «improved», eller bearbeidd land som er rydda, brukt til beite eller til å samle inn gras frå. 291 acres, vel 1100 mål, var «unimproved land», altså land som ikkje på nokon måte er blitt kultivert. Vel 400 mål av dette er skog; «woodland». Om desse tala er rette, rådde altså Johannes over eit samla område på om lag det doble av det Homestead Act gav han rett til. Som vi har sett gav denne lova settllarane rett til 160 acres, eller 640 mål med regjeringsland, noko som var ein vanleg storleik på ein amerikansk farm. I Lake Johanna var då også dei fleste farmane av ein slik storleik. Berre tre av farmarane rådde over større areal enn Johannes; den største var på ca. 400 acres (1600 mål). På denne tida var det om lag 40 farmarar som heldt til i Lake Johanna.

Den totale verdien av Johannes sin farm blir vurdert til 1500 dollars, også blant dei høgst verdsette i townshipet. Sjølv om storleiken i areal i seg sjølv har betydning, må vi tru at skogsverdiane betyr ein del her. I Lake Johanna er det berre éin farm som skal ha meir skogsareal enn Johannes; dei fleste er vurdert til å ha mellom 40 og 200 mål skog. Johannes sine jordbruksreiskapar og maskiner blei sette til ein verdi av om lag 50 dollar. Vi får også vite at Johannes på dette tidspunktet ikkje hadde hestar eller muldyr til å hjelpe seg med; arbeidet på åker og eng blei utført ved hjelp av to arbeidsoksar. Mjølke og smørprodukt skaffa familien seg gjennom to mjølkekyr. I tillegg huserte farmen fire andre storfe, tre sauer og tilsvarande av gris; den

samla verdien av husdyra er satt til 160 dollar. I tillegg til dette produserte farmen også 120 bushels kveite og 15 bushels av havre, noko som blir noko slikt som vel 4 000 og 500 liter.

### Familien Olson


Fem år seinare får vi vite at Johannes må ha opplevd både tragedie og ny byrjing. For no heiter ikkje kona lenger Brite, men Siri. Sjølv måtte Brite oppleve at yngstebroren hennar døydde rett etter overfarten frå Noreg. Men heller ikkje ho skulle få eit langt liv i Amerika, og ho kan ikkje ha levd lenger enn til 1872. Den 9. desember dette året gifte Johannes seg med den sju år eldre Siri Johannesdotter Feigum, fødd 1835 i Luster. Ho skulle få leve til 1909, og blei då 74 år gammal. Brite kan ikkje ha nådd høgare alder enn 26 år.

Teljinga i 1875 fortel oss også at familien hadde fått nok ein tilvekst; dottera Betsy, som blei fødd same året som Johannes gifte seg med Siri, i 1872. Var det i barsel Brite måtte gje opp sitt unge liv? Under alle omstende må situasjonen ha blitt svært så vanskeleg for Johannes. Åleine med tre born, eitt av dei nyfødd. Dei andre må ha vore to–tre år gamle. Få år etter at han kom til Lake Johanna og nett komen i gang med å arbeide opp og kultivere den store farmen han hadde skaffa seg. Hardt arbeid. Lange dagar. Åleine måtte det bli umogeleg å ta seg av både farmen og dei små barna. «Keeping home» står det oftast i teljingane om farmarkonene. Korleis han treffe Siri veit vi ingenting om, men skulle situasjonen gå rundt, måtte det uansett ha vore heilt avgjerande å få med nokon som kunne ta seg av heim og born. Og elles arbeide i fjøs, åker og eng. Slik sett er det ikkje noko merkeleg at han gifte seg på nytt det same året som Brite døydde.

Dei tunge tidene skulle ikkje vere over for Johannes og familien hans. I folketeljinga frå 1880 kan vi ikkje finne att Ole Ludvig, noko vi må forstå slik at Johannes har levd seg igjennom ei ny sorg. No består familien av han sjølv, kona Siri, John Peder og Betsy. Ole Ludvig må ha døydd då han var ein stad mellom seks og elleve år gamal. Går vi fram til teljinga i 1900 får vi vite at Betsy er flytt ut; ho veit vi levde i det same området til 1957. John Peder er skriven som «farmlaborer», og arbeider tydelegvis på farmen saman med far sin. Det er 57 år gamle Johannes som framleis er overhovudet i familien. Men i 1910 er det John Peder som er ført opp som «farmer», 67 år gamle Johannes er her nemnt som «father». I frávær av Siri, som døydde året før, må det ha vore behov for å få tak i ekstrahjelp i huset og på garden. Eit nytt namn er difor kome inn i husstanden; 30 år gamle Elisabeth Hustad, som er ført opp som tenar, eller «servant».

I 1920 er også far Johannes død. 50 år gamal er John Peder no den einaste av familien som er att på farmen. I tillegg høyrer hushjelpa Elisabeth, eller Lisa, som ho no blir skriven som, framleis til husstanden. Skal vi tru opplysningane i folketeljinga var det ikkje eit familiært forhold mellom dei, og bae to står oppført som «singel». Det ser ikkje ut til at John Peder nokon gong stifta familie.

## MIDTVESTEN. BOSETNING OG FLYTTING - JØLSTRINGER UTVANDRET 1860-1875.



**Jølstringar sine reiseruter i Midt-Vesten. Henta frå Yngve Nedrebø: Amerikafarere fra Jølster 1836-1875. Johannes si rute er merka med raudt.**

32

Her forlet vi familien John Olson. Vi vil finne ut meir om korleis livet som nybrottsfamilie faktisk var ved å grave litt meir i andre kjelder; kyrkjebøker, fødsels- og dødsattestar, eigedomsarkiv, skifteregister, lokalhistoriske framstillingar og så vidare.

Johannes avsluttar brevet som han sendte frå Milwaukee i 1864 med ønskje om at familien ikkje gløymer å skrive til han. «Lev da for altting for det evige liv Amen i fra mig eders hengivne søn Johannes Olsen Ordal, 1864 Wisconsin den 10. juli». Elleve år seinare, i 1875, skulle han få oppleve å møte brørne sine igjen, for då reiste også Ole og Samuel til Amerika. I første omgang oppsøkte dei naturleg nok sin eldre bror i Lake Johanna, men enda etter kvart opp som pionerar i Walsh County, Nord-Dakota. Til dette området kom også søstera deira, Brite, saman med mannen sin, Tollef Erikstad. Då var det berre den eldst av Ole-brørne som var att, og som tok over heimegarden i 1871, 22 år gamal. Etter kvart skulle han gifte seg to gonger, og fekk ikkje mindre enn 18

barn. Av dei var det ti som skulle få vekse opp. Men det blir ei heilt anna historie.

### Kjelder/litteratur:

- Årdal, Johannes Olson – Kopi av brev, 10. juli 1864
- Semningsen, Ingrid – Veien mot vest, bind 1 og 2, H. Aschehoug & co., 1941 og 1950
- Lovoll, Odd S – Det løfterike landet, Universitetsforlaget, 1997
- Haakenstad, Liv Marit – Slektsgranskerens guide til utvandringen 1825-1930, Orion Forlag AS, 2008
- Nedrebø, Yngve – Fra Jølster til Bergen. Hovudoppgåve i historie, Universitetet i Bergen, 1979
- Nedrebø, Yngve – Amerikafarere fra Jølster 1836-1875, Bergen, 1986
- Øvrebø, Egil – Om busetnaden i ei vestlands innlandsbygd, Jølster, på 1500- og 1600-talet. Hovudoppgåve i historie, Universitetet i Oslo, 1956
- Årdal, Stig – Jordbruket i Jølster 1850-1910. Hovudoppgåve i historie, Universitetet i Bergen, 1995.
- Føderale og statlege folketeljingar:
- United States Federal Census: 1870, 1880, 1890, 1900, 1910, 1920
- Minnesota State Census: 1875, 1885, 1895, 1905

## NORSKE NAMN PÅ AMERIKANSK

I vår digitaliserte verd er det mykje som kan undersøkast frå heimestova, og folketeljingane er her ei takknemleg kjelde. Likevel kan det vere ei utfordring å følgje nordmenn som gjorde amerikanarar av seg. Namna endrar seg og blei amerikaniserte, og fødselsåra kan ha ein tendens til å vere litt omtrentlege, med eitt, to og tre år i forskjell frå teljing til teljing. Så heiter også feltet for fødselsår i teljingane antatt fødselsår; det var nok mange som ikkje kunne gje opp nøyaktig fødselsdato. Dessutan var språkbarrierane store, særleg i byrjinga. Det var heller ikkje immigrantane sjølve som førte opplysningane inn i protokollen, noko som også gjorde at stavinga av namna kunne variere svært så mykje frå teljing til teljing.

Det blir ikkje enklare når namnet er amerikanisert til eit svært så vanleg namn i Amerika. Og John Olson er svært vanleg i Amerika, ein druknar i treff! Men ut frå namn som liknar, matsjande opplysningar om alder, og så vidare, finn vi fram til ein samanheng. Son til Johannes, John Peder, blir snart til Peder Johan, deretter berre til Peder, for så å gå tilbake til John Peder. Med same namn som far sin blei det kanskje enklare å bruke Peder. Når far var gått bort, var det logisk å gå tilbake til fødselsnamnet, John Peder. Elles var det fleire Olsen'ar også i Lake Johanna, i 1870 var der 5-6 Olsen'ar eller Olesen'ar. Men det er berre ein av dei som matsjar Johan Olsen og John P i namn og alder, sjølv om Brite er blitt til Beecey. Utover i teljingane heiter andrekona til Johannes Siri, Sarah, Sigred og Sigrid. Også bror til Johannes, Ole, når han nokon år seinare kom til Amerika, tok i førstninga i bruk Olsen som andrenamn. Men etter kort tid fann han ut at det var så mange Ole og Olsen'ar i området, at det blei like greitt å ta tilbake Årdal som slektsnamn. Som då blei til Ordahl. Ole Ordahl. Eit namn som dagens etterkomarar etter han framleis ber med seg.



# Kunstnar som spelar på mange strengar

Av Hallstein Dvergsdal

*Ho er oppteken av ordet og lyset, og som kunstnar brukar ho begge deler på ein framifrå måte. Vi snakkar om lyrikaren og kunstmålaren Elsa Norunn Håheim Nydal. Ho er ein kunstnar fleire og fleire har fått auge opp for.*

Som kunstmålar har Elsa Norunn ei karriere på 48 år, og ho har produsert nesten 3000 bilete med stort og smått, og om lag 2500 av desse er selde. Det er med andre ord ein omfattande produksjon denne kunstnaren har bak seg.

## Også lyrikar

Elsa Norunn er ikkje berre kunstmålar, ho er også lyrikar og har gitt ut ei diktsamling og nummer to er på veg. I tillegg er fleire dikt publiserte i ein antologi utgjeven av Sogn og Fjordane skriveleg i 2005. Alt i alt har ho produsert om lag 150 lyriske tekstar, tekstar som på mange måtar omtalar bileta eller omvendt.

– Men eg er først og fremst målar, seier Elsa Norunn som fortel at når ho av og til går seg lei eller fast i målinga, så skriv ho seg «rundt og tilbake».

– Mange vil seie at dei ser klare samanhengar mellom lyset i bileta dine og dei lyriske tekstane, kva kjem først, ordet eller lyset?

– Du veit kva det står skrive: «I opphavet var ordet» smiler ho forklarande.


– Ja, men lyset kom vel også ganske tidleg?



*Elsa Norunn Håheim Nydal, multikunstnar med ordet og lyset i si makt.*

– *Treet er både ein skulptur og eit teppe som kler fjellsidene, seier Elsa Norunn.*





«Ettertanke» er tittelen på  
biletet som vart måla  
ferdig 23. juli i fjor.

– Det står det om i same teksten, svarar kunstnaren, som dermed har forklart det meste.

### Kursen vart tidleg staka ut

Heilt sidan ho var lita, har Elsa Norunn visst at ho ville bli målar, og ho byrja for alvor å måle som femtenåring. Då var det å stå opp klokka fire om morgonen, og halde på til sju om kvelden. Ho fekk liksom aldri nok av målinga.

Elsa Norunn har massevis av kunstnarblod i årane, både på farssida i Jølster, og frå mora som kom frå Telemark og hadde den kjende rosemålaren Gunnar Nordbø i slekta. Dette med rosemåling har Elsa Norunn også drive ein del med, men det var helst tidlegare.

– Min indre lyrikk og farge held mest til i rosemålinga, fortel ho, og dermed er vi på nytt inne på lyrikken.

– På Statens lærarskule i forming fekk eg høyre dette av han som var hovudlæraren min: «Du er lyrikar du, Elsa» Eg visste eg var lyrikar, men det var første gongen at nokon sa det til meg.

– Mange vil seie at det er mykje lyrikk i bileta dine, er du samd i det?

– Eg trur eg ser lyrikken i landskapet her i Jølster, og eg

trur eg ser stemningane i linjene, forklarar ho og peikar på nokre av bileta som heng rundt på veggane i sperrestova.

På farssida var det Ola J. Fossheim som var den første og store inspiratoren.

– Teikningane hans sådde mykje i meg, seier Elsa Norunn som legg til at det var mora som var lyrikaren, medan faren var teiknaren med den flotte handskrifta.

– Begge hadde mjukt sinn, kunstnarsinn, men det vart med draumane med dei når det var snakk om kunstnarleg utfolding.

### Oppteken av språket

Det ho ikkje likar, og som gjer henne meir enn irritert, er bruken eller misbruken av språket. Ho kallar alt det rare som i dag blir brukt i skriftleg og munnleg kommunikasjon som språklege brunsniglar. Eit ord ho har funne i ein artikkel på internett og som ho tykkjer er treffande.

– Berre sjå på samanblandinga av talordet ein og den ubundne artikkelen ein, og så dette merkelege som eg kallar upersonleg pronomen ein. Kvifor skal det absolutt seiast og skrivast «ein kan aldri vite» når språket har gode og tydelege pronomen som eg, vi, alle, oss og så

### ■ Min dag

Min dag  
fløymer av lys.  
Eg strekkjer  
mine knoppsvellande greiner  
– og eg kjenner  
mine røter har fått betre feste.  
Eg skal stå her  
min dag  
til endes.

(Frå «Dikting frå Jølster»,  
Jølster Mållag 1995)

### ■ Spegel under brê

Kalde er armane  
som femner fjell  
og tøyser seg mot varme  
i møtande dalar.  
Speglast i vatn.  
Speglast i auge  
Varme er hendene  
som byggjer heimar  
og steller jord  
i grønne dalar.  
Speglast i vatn.  
Speglast i auge.  
Kjærlege er hjarto  
som formar den tid  
som tøyest mot himmel  
over våre dalar.  
Speglast i vatn.  
Speglast i augo.

(Frå antologien «Tankar møtest»,  
Sogn og Fjordane Skrivelag 2005)

### ■ Mine auge mot fjellet

Orda har stemma mi  
og den klåre tanken  
med atterljom  
mellom høge fjell

I hjartedjupet  
syng tenkjemålet  
frå skogvidbygda  
og angen av kvæ  
frå nyfelt tømmer

Begge bur i meg

er mi hjelp  
når eg målar  
det hardaste harde  
og det mjukaste mjuke

lyset

som reier seng  
og byr meg kvile  
under tallause

gjennomskinlege  
fargelag

Elsa Norunn Håheim Nydal  
(frå «Frøsprenningsnø» 2012)

### ■ Kvardagsglede

Vindaug mot fjell  
som stengjer.  
Avgrensa flater,  
våre lyssveip  
mot skuggar,  
og ditt gode andlet,  
lysomteikna  
med fine band av vår  
mellom våre auge.

(Frå antologien «Tankar møtest»,  
Sogn og Fjordane Skrivelag 2005)

### ■ Mjuk boge

Når det lid mot kveld  
og trong for kvild sig på,  
då skal dogg falle,  
fuglar syngje,  
og frukt i mogning  
skal gje mine  
greiner mjuk boge.

(Frå «Dikting frå Jølster»,  
Jølster Mållag 1995)

vidare? Det norske språket blir ikkje enklare for nokon når ordet «ein» blir brukt i tydinga «alle», seier ho engasjert.

### Godt er fint

Ho har tankar om mykje, Elsa Norunn Håheim Nydal, og ho er oppteken av det vakre, det estetiske, enten det handlar om måleri, lyrikk eller andre uttrykksformer. Ho er ikkje spesielt imponert over mykje av det dagens unge blir føra med reint åndeleg. Ho tenkjer då først og fremst på mykje av det som blir formidla gjennom dataspel og film.


– Eg er i mot alt dette heslege, og eg håpar den ekte venleikstrongen kjem i fokus att. Det er nemleg stor skilnad på godt og fint, men det som er godt er også fint, forklarar ho filosofisk.

– Eg trur at vår tid tek frå ungdomane mykje av opplevinga av det å sjå noko fint. Ideala som rår i dag blir for ein stor del planta i dei, slik at dei trur at det er slik det skal vere. Slik ordlegg kunstnaren seg, kunstnaren som er så oppteken av å formidle det vakre gjennom fargar og ord. Ho skildrar lyset som få andre, enten ho målar det, eller ho skildrar det i lyriske vendingar.

Hos denne kunstnaren heng målinga og lyrikken nøye

saman, noko som også kjem tydeleg fram når ho skal forklare motiva sine, og det lyser tydeleg gjennom i titlane.

– Treet er både ein skulptur og eit teppe som kler fjell-sidene, seier ho og peikar på eit bilete som syner nokre bjørker i vinterdrakt. Eit anna er mykje meir abstrakt og er ein eksplosjon av fargar. Tittelen er «Ettertanke» og biletet vart måla ferdig 23. juli i fjor, dagen etter dei grufulle hendingane i Oslo og på Utøya.



# Skryklingen, stemnestad og drifteveg

Av Hallstein Dvergsdal

*På sørsida av Jølstravatnet skjer dalføret Skryklingen seg sørover frå Myklebust mot Haukedalen i Førde kommune. I luftlinje er det 11 kilometer frå Myklebust til Gjerland, ein passeleg dagstur.*

Dette dalføret har frå gammalt av vore ein mykje brukt ferdslveg mellom Jølster og bygdene sør for fjellrekka langs sørsida av Jølstravatnet. Grunnen er sjølvstundt den at terrenget stort sett er lett, og at ein ikkje kjem høgare enn om lag 900 m o.h. på det meste. Dette er ein fjellovergang som passar for dei fleste aldersgrupper og der terrenget gjer det mogeleg å drive dyr fram og tilbake.

## Gammal drifteveg

I tillegg til å binde saman grendene sør og nord for fjella, var det nok som drifteveg at Skryklingen hadde størst nytte som «gjennomfartsveg». Lenge før vegar var bygde langs Jølstravatnet og vidare sørover og austover, var Skryklingen den kortaste, lettaste og mest brukte vegen mellom Sunnfjord/Nordfjord og Sogn når dei store fedriftene skulle drivast gjennom fylket og mot Austlandet eller Bergen og oppkjøparane der.

Fehandlarane som reiste rundt i Nordfjord og Jølster for å kjøpe opp dyr, samla dei i store flokkar og kom med dei til Skei og vidare til Kjøsnes der dei vart frakta over sundet med båt. Frå Dvergsdalen gjekk turen opp i Dvergsdalsdalen og vidare utover langs elva til Myklebust, der driftene svinga opp i Skryklingen og gjekk over til Gjerland på Haukedalen. På vegen opp mot Skryklingstøylen brukte fedriftene ofte å overnatte ved ein stor stein, Flatesteinen.

Brita Kongsvik (f. 1928) fortel at driftekarane gjorde opp bål der og laga mat. Til å gjete dyra om natta, leigde dei inn småkarar frå Myklebust, og Brita fortel at bestefar hennar var med på slik gjeting. For jobben fekk han ein gong 50 øre, men femtiøringen mista han på vegen heim att.

Etter turen gjennom Skryklingen vart det tur over fjella til Vettefjorden eller Sværefjorden, der dyra vart frakta med båt innover til Lærdal og så vidare over fjellet til Valdres og Hallingdal. Det vart også frakta dyr til Aurland og Vik for vidare driving mot Austlandet eller Bergen.

## Vanskeleg langs vatnet

Skryklingen er som sagt ei lett rute gjennom fjellet. Først den relativt flate dalen innover frå støylen på austsida av elva, mot eit tørt, flatt område kalla Vellene. Derifrå er det relativt slakk stigning opp mot høgaste punktet på turen, høgda før ein går ned mot Skryklingvatnet 860 m o.h. Her går ruta på austsida av vatnet, gjennom ei ur, og her finn ein det vanskelegaste punktet på ruta. Ura er storsteinete og det er viktig å «treffe» rett, elles kan det bli vanskeleg. Men dei som ferdast gjennom Skryklingen i eldre tider var

nok kjende, i tillegg til at stien nok var meir tilrettelagt enn den er i dag. Men fedriftene kom så tidleg på året at isen på vatnet var farande, og såleis fekk dei ei lett reise forbi den vankelege ura.

Etter ura og vatnet er det lett, fint terreng nedover til Gjerland og Haukedalsvatnet.

## Ferdsl mellom bygdelag

Det var ikkje berre dei store fedriftene som kryssa Skryklingen. Også folket i grendene på begge sider av dalføret hadde i tidlegare tider mykje samkvem, og både jølstringar og haukedølingar fann seg ektemakar på andre sida av fjella. Det vart også handla dyr mellom bygdelaga i Jølster og Førde, og både hestar, kyr og griser vart leidde eller jaga gjennom Skryklingen mellom Myklebust og Gjerland.

Brita Kongsvik fortel at naboen Tollef Myklebust ein gong gjekk gjennom Skryklingen med ein vaksen gris, ein råne han hadde kjøpt på Haukedalen. Men vegen gjennom ura var ikkje lett: – Eg måtte på vatnet, fortalde Tollef. Brita fortel også om handel med smågriser, der grisungane vart borte opp til vatnet der haukedølingane henta dei. Det hende også rett som det var at folk gjekk frå Myklebust og til Gjerland for å vere med på gudsteneste i Haukedalskyrkja, sikkert eit godt høve for ungdomane til å treffe jamaldringar og på den måten komme i kontakt med potensielle ektemakeemne. Og same kva ærend jølstringar eller haukedølingar hadde på andre sida av fjellet, så var Skryklingen den kortaste og lettaste vegen.


## Segn eller fakta?

På vegen gjennom Skryklingen er det to plassar som det ifølgje tradisjonen knyter seg triste hendingar til. Brita Kongsvik hugsar at besteforeldra hennar fortalde om triste hendingar og dødsfall både ved Magnhildhaugen på Jølstrasida, nede i dalen og ved Ivarvarden på Haukedalssida av vatnet.

Ved varden skal ein gut, ifølgje tradisjonen, ha blitt gravlagd. Guten døyddde i fjellet, men kvifor foreldra gravla han der, like nedanfor vatnet, og ikkje tok han med ned til kyrkja på Haukedalen, seier saga ingen ting om. Ved Magnhildhaugen skal ei jente ha døydd. Brita kan ikkje seie noko meir om kva som skjedde med henne eller guten, som truleg heitte Ivar, anna enn at bestefaren fortalde om desse hendingane.

## Mykje trafikk under krigen

Under andre verdenskrig var Brita Kongsvik stølsjente på Skryklingstøylen. Ho fortel at det i desse åra var mykje trafikk gjennom dalen, også av folk som hadde rømt frå tysk arbeidsteneste. Brita fortel at dei fekk streng beskjed av dei vaksne om ikkje å snakke med desse framande. Men dei som kom rekande på denne måten, trengde ofte



Brita Kongsvik er 84 år og hugsar godt dei årlege Skryklingstemna og turane til Haukedalskyrkja.

overnatting, og då var det sjølvstekt lurt å ta inn på ein av-sides plass som støylen.

Ein gong det kom framande for å be om husly, samla stølsjentene seg i det eine selet og overlèt eitt av dei andre til dei framande.

– Det var litt ekkelt med alle desse framande, fortel Brita, som elles hadde nokre somrar som slåttehjelp hos ei tante på Haukedalen.

### Mikkjelsmessepreike

Ein slik fast tradisjon var at folk frå Myklebust drog over til Haukedalen for å vere med på gudstenesta i Haukedalskyrkja Mikkjelsmessedagen, 29. september. Og same kva vekedag det var, så var det alltid preike på Haukedalen Mikkjelsmessedagen.

Brita Kongsvik hugsar godt desse kyrkjeturane. – Den dagen var det om å gjere å take ut tidleg, fortel ho, og ho hugsar også at dei overnatta hos kjende på Haukedalen. Brita hugsar også at haukedølingane var spesielt flinke til å syngje.

– Dei hadde ikkje orgel i kyrkja, så då laut dei stå føre musikken sjølve, fortel ho. Ho fortel også at haukedølingane kom traskande over fjellet for å vere med på gudstenesta i Helgheimskyrkja. Då hadde dei også båtturen over vatnet i tillegg til turen gjennom Skryklingen. På desse kyrkjeturane hende det at haukedølingane kjøpte eple av nordfjordingar som var møtte opp for å drive handel på kyrkjebakken.

### Stemnestad

At Skryklingen også ein periode fungerte som stemnestad, er kanskje mindre kjent, men slik var det. I mange år frå rundt 1900 til ut i 1940-åra var det årleg stemne ved Skryklingvatnet, på Nevreneset, ein odde som stikk ut i Skry-

klingsvatnet på jølstrasida, og nedanfor vatnet på Haukedalssida. Stemnestaden veksla annakvart år. Ein søndag i august møttest jølstringar og haukedølingar til felles hygge og nytte der på neset. Det var taler og mykje song, og sjølvstekt matpause. På vegen mot stemnestaden måtte jølstringane passere høgste punktet i Skryklingen, høgda over vatnet, med god utsikt både nordover og sørover dalføret. På desse stemna vart det handla og bytta ting, og nye band vart knytte mellom folk på begge sider av fjella. På veg heim att stoppa dei alltid på støylen for ein kvil, før dei tok til på siste etappen ned mot tuna.

Brita Kongsvik kan også hugse desse stemna som ho, ilag med foreldre og besteforeldre, var med på mange gonger frå ut på 1930-talet og til stemnetradisjonen tok slutt.

### Ungdomslaga sto bak

I tida rundt unionsoppløysinga i 1905, gjekk det ei bylgje av optimisme, framtidshåp og tiltakslust over landet. Mykje av det vi i dag kjenner av lags- og organisasjonsliv, såg dagens lys rundt 1900, og ungdomslag, skyttarlag, songkor og fråhaldslosjar dukka opp overalt.

Både på Myklebust, i Sandalen og på Haukedalen vart det skipa ungdomslag, og det var desse som tok initiativet til å arrangere stemne i Skryklingen. Stemnedagen var alltid ein søndag i august, og Brita Kongsvik fortel at det alltid var mykje folk på desse tilskipingane. Dei kom frå Dvergdsdalen i aust til Sandalen i vest på sørsida av Jølstravatnet, og sjølvstekt frå Haukedalen.

### Både hygge og nytte

Desse årvisse stemnetilskipingane hadde mange misjonar. For det første var det den sosiale biten, dette at folk på begge sider av fjellet kom saman i sosialt og hyggeleg lag. Dei fekk frette nytt om slekt og kjende på begge sider av dalføret, og det vart nok også handla og bytt ting. Sidan begge bygdelaga til alle tider har nytta Skryklingen som beiteområde for husdyr, så var nok også denne dagen eit høve til å sjå til dyra, når dei likevel var på fjelltur.

Og som vi har vore inne på tidlegare, så var dette eit godt høve for ungdommane til å bli kjende og også til å vida-reutvikle eit kjennskap som kanskje så smått hadde starta på ein kyrkjetur tidlegare på året, og som, dersom alt klaffa, kunne bli søt musikk og barneskrik av. Det må vel vere rett å seie at desse fjellstemna på mange måtar var

FRAMHALD SIDE 39

WWW.ISTAND.NO      TLF.: 45 00 47 00

iSTAND

# EIN MEDSPELAR I Esso SKEI!

Vår honnør til alle i  
Jølster som yter ein  
innsats til målsaka  
i kommunen.



Her møtast alle!



**SKEI SERVICENTER**

6843 SKEI • TLF. 57 72 82 34 • FAX. 57 72 67 33

38



Rør og rørartiklar  
Sanitæreanlegg og utstyr  
Varmepumpe luft/vatn  
Pumpeanlegg  
Kjøkkeninnreiing  
Baderomsmøblar

## JØLSTER RØR A/S

Aut. rørleggarmeister  
TROND AARDALSBASSE  
POSTBOKS 43 • 6841 SKEI I JØLSTER  
TLF. 57 72 83 50 • MOBIL 95 98 78 20

## VASSENDEN TAXI



6847 Vassenden

Mobil 48 21 00 22



### JØLSTER BIL

6843 Skei i Jølster  
Tlf. 57 72 68 90  
[www.jolsterbil.no](http://www.jolsterbil.no)

## SPAR



8-20 (9-18)

6843 Skei tlf. 57 72 81 22

## Kjosnes Feriehytter

Høgstandardhytter - heilårsovernatting

[www.kjosnes.no](http://www.kjosnes.no)  
Telefon: 57 72 85 29/970 19286

## Skryklingen, stemnestad og drifteveg

med på å skaffe nytt blod til slekter på begge sider av fjellet og på begge sider av kommunegrensa.

### Ferdslø også i dag

Fedriftene gjennom Skryklingen er for lengst historie, sameleis stemnet ved Skryklingvatnet. Men framleis er ruta gjennom Skryklingen mykje brukt til tur og fritidsfermål. Det er ein relativt lett tur der terrenget vekslar mellom skogkledd stølsdal til snaufjell og snøfenner. Om vinteren

går turen over isen på vatnet, noko som fjernar den litt vanskelege passasjen gjennom ura. Turen går for det aller meste på god og lett sti og oppstigninga mot vatnet forbi Krambubakkane er relativt lett og går i tørt, fint terreng. Før Krambubakkane passerer turgåaren dei flate grasslettene på Veljene og får stadig finare utsikt tilbake gjennom dalen mot Jølstravatnet. Oppe på toppen ventar utsikta mot Skryklingvatnet og dalføret vidare mot Gjerland. Etter at vatnet er passert, går det slakt unnabakke før turgåaren kjem fram på kanten og ser kyrkja ved Haukedalsvatnet, eit mål for mange jølstringar på helgetur for ikkje så alt for lenge sidan.

# Wildenvey på Firdastemne

Av Leiv H. Dvergsdal

*I militæret tenestegjorde eg nokre månader i Stavern. Det var ein god tenestestad, ikkje minst fordi ettersommaren og hausten 1955 var ekstra varm – eg meiner vi bada til ut i oktober. I Stavern budde dikteren Herman Wildenvey og kona Gisken. Heimen deira heitte Hergisheim og låg ved hovudvegen frå Larvik.*

Av og til fekk avdelinga vår spørsmål frå det sivile samfunnet om enkle oppgåver vi kunne hjelpe folk med i fritida



vår, og ein dag var spørsmålet om eit par karar kunne dra heim til Wildenvey for å rydde og stable ved i vedbua der. Eg og ein til var kjappe med å melde oss på, og før vi drog, gjekk vi på bokhandelen og kjøpte oss kvar vår bok til signering. Mi heitte «Polyhymnia».

Det var Gisken som sette oss i gang, og oppdraget var relativt fort unnagjort.

Så var det inn for å få løn for strevet og for å helse på sjølvaste Wildenvey. Den då

sytti år gamle dikteren var så godsleg som eg hadde førestilt meg han, ikkje minst den litt somnige stemma eg kjende frå radio og det lune smilet. Pengar, nei det hadde han ikkje, slikt var det Gisken som stelte med, meinte han – og ho fann fort det vi hadde krav på. Men Wildenvey ville prate meir med oss, og då han frette at eg var fjording, hugsa han på

noko særskilt han hadde opplevd ein stad i Fjordane: Han hadde hatt oppgåve på noko han kalla for Firdastemne, eg trur det måtte vere ein stad i Nordfjord, og det hadde vore veldig mykje folk til stades. Midt under innslaget hans tok det brått til å regne, og på ein blunk kom alle paraplyane opp, noko som for han, austlendingen, var både vakkert og imponerende.

Under praten kom tenåringsdottera inn for å seie ha det (eller kanskje det var god natt?) til faren. Ho skulle på dans i leiren og fekk suss på kinnet og gode ønskje om å kose seg på festen, faderlege uttrykksformer eg ikkje var van med frå mitt oppvekstmiljø! Så var det tid for signering, og eg registrerte at han skreiv meir enn namnet i boka mi. Ut dryssa følgjande typiske Wildenvey-setningar, som han las opp for meg:

*«Paraplyer i alle kulører fløy opp:  
jo nu så det ut til regn!  
Det var som om tusen blomster i knopp  
sprang ut under regnbuens tegn»*

Eit morosamt minne.

WWW.ISTAND.NO
TLF.: 45 00 47 00

**iSTAND**

## Sentralt i fylket



### Ideelt for avvikling av møter, kurs og konferansar

Skei Hotel er blant dei leiande kurs-/konferansehotella i fylket. Hotellet har plass til 250 overnattingsgjester, den store "Jølstersalen" tek inntil 400 personar i plenum og kan delast i 3 salar. Vår kursvert syter for trygg og god gjennomføring av alle kurs- og møtearrangement.

Vi har breiband i heile kurs- og konferanseavdelinga og på alle gjesterom. I symjehallen er det behageleg sommarterperatur heile året. Vi kan også tilby populære aktivitetar i nærmiljøet, t.d. rafting, urvandring, golf, paintball, brevandring og villmarksleir.

Hjarteleg velkommen!

6841 Skei i Jølster  
Tlf. 57 72 78 00  
Fax 57 72 78 01  
info@skeihotel.no  
www.skeihotel.no  
Følg oss på Facebook

Best Western  
**SKEI**  
Hotel



## Utemiljø med stil

### NATURSTEIN

kan leverast i ulike typar:

- Handstein
- Liten maskinstein
- Maskinstein
- Trappetrinn

### SKIFER –

Vi har alt innan skifer

Vi kan gjerne vere med og gje råd om verktoy, bearbeiding og montering av steinen. Vi kan og tilby oppføring av murar og skiferlegging.

Ta gjerne kontakt for pristilbod.



Kontakt oss på tlf. 917 63 804 / 915 65 495 – eller via faks nr. 57 72 70 16



[www.nordfjordskifer.no](http://www.nordfjordskifer.no)

40



**KLOPPE KRÅNA**  
Frisørsalong

tlf. 57 72 85 55

KEUNE  
Cutrin  
BED HEAD  
TIGI

## SKEI TAXI

90 57 55 55

Drosje/rullestolbil/turvogn  
Opp til 16 passasjerplassar

6843 Skei

## Stein Arne Sunde As

918 94 578

Transport – Graving – Muring

Sentral godkjenning  
Maskinentreprenør



## Eikås Frisør

EVA ÅRSET  
6847 VASSENDEN

Opningstider etter behov.  
Timebestilling  
TELEFON 57 72 75 88





**JØLSTER**  
SKISENTER

6847 Vassenden • tlf. 57 72 75 50 • www.jolsterskisenter.no

## Jølstramuseet

Gamle røykstover frå tidleg på 1600-talet og fleire tusen historiske ting som viser korleis jølstringen levde i gamle dagar.

Sommarope frå 19/6-21/8 elles etter avtale.

tlf. 97 14 09 75



## Eikås Skogsdrift AS

6847 Vassenden

Tlf: 57 72 74 33  
Mobil 97 64 84 82  
Fax :57 72 74 45



# Ynskjer du hyttetomt i Jølster?

## Ta kontakt med

Holtane Hyttegrend AS,  
6847 Vassenden

*e-post:* [ivar@isunde.no](mailto:ivar@isunde.no)

*mobil:* 901 96 272

[www.holtanehyttegrend.no](http://www.holtanehyttegrend.no)



## ALF HELGHEIM & CO AS

Skei Sentrum • 6843 Skei i Jølser  
Tlf. 57 72 83 11 • [post@alfhelgheim.no](mailto:post@alfhelgheim.no) • [www.alfhelgheim.no](http://www.alfhelgheim.no)  
FOTO • UT • GULL • SØLV • MUSIKK



**Jølster**  
**Betongbygg a.s**

Tlf. 57 72 70 18  
Mob. 908 83 940

ENTREPRENØR

**Ivar A.**  
**Sunde a/s**



6847 Vassenden

Telefon 57 72 72 96 • Mobil 90 19 62 72

*Utfører alt innan tre og betong*

MASKINENTREPRENØR  
**Jostein Sunde As**  
jostein-sunde.com

graving • sprenging  
transport  
singel • grus og pukk

6843 SKEI I JØLSTER  
Mobil 95 75 96 94

**COOP MARKED SKEI**  
telefon 57 72 83 77 faks 57 72 85 15  
opningstider 9-20 (18)

**BYGG MIX**  
telefon 57 72 87 68  
opningstider 9-16.30 (13)



**JØLSTER SA**  
telefon 57 72 83 77 faks 57 72 85 15  
6843 Skei

42

**Jølstraholmen**

**SPAR**



**Café**

OPE: man-fre 8-22 / lørd-sønd 9-21

Vi har godt utvalg i daglegvare,  
noko for ein kvar smak!

sjå [www.spar.no](http://www.spar.no) Spar Jølstraholmen for meir info.





**AUDHILD VIKENS AS**  
Skei 57 72 81 25 • Førde 57 82 00 84




**Eg ønskjer meg berre snille born, eg :-)**  
Kva gir du i gäve til ein som har "alt"? Visa Gävekort!  
Kortet kan brukast i alle butikkar og på nett.  
Kjøp gävekortet i banken eller på [ssf.no](http://ssf.no).



[ssf.no](http://ssf.no) • [meirennbank.no](http://meirennbank.no)

Din lokale leverandør av  
**FORNYBAR ENERGI**




Natur - til nytte og glede

Ein aktiv støttespelar i lokalmiljøet [www.sunnfjordenergi.no](http://www.sunnfjordenergi.no)

*God Jul og  
Godt Nytt År!*





*Lundeskaret. Foto utlånt av Atle Lunde*

**Kr 80,-** ISSN 0801-9592



9 770801 959296